



Noregs miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Årsrapport 2018 - 2019





Omslagsbildet viser solcellene på Realtek sin nyrestaurerte bygning

Innhold

I	Melding frå styret	3
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
III	Aktivitetar og resultat	13
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning	13
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 1	14
	Rapport og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparametrar	14
	Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar	18
	Måloppnåing for sektormål 1 i 2018	21
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	22
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 2	22
	Rapport og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparametrar	22
	Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar	24
	Måloppnåing for sektormål 2 i 2018	25
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 3: God tilgang til utdanning	26
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 3	26
	Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparameter	26
	Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar	27
	Måloppnåing for sektormål 3 i 2018	29
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem	30
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 4	30
	Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparameter	31
	Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar	31
	Måloppnåing for sektormål 4 i 2018	35
	Anna rapportering:	36
IV	Styring og kontroll	41
V	Vurdering av framtidsutsikter	47
	NMBU har gode føresetnader	47
	Økonomiske perspektiv	48
	Overordna risikovurderingar	48
	Planar	50
	Vedteke budsjett for 2019	52
VI	Årsrekneskap	55
	Riksrevisjonens beretning	100



I

Melding frå styret

NMBU vedtok i 2018 ein ny strategi 2019–23 under visjonen «Kunnskap for livet». Dei 17 berekraftsmåla som dei Sameinte Nasjonane (SN) har forma, står sentralt i strategien. Styret vil framheve at NMBU har eit fagleg mangfald som er skreddarsydd for å bidra til berekraftsmåla. Løysingane på utfordringane desse måla gjer, vil i stor grad finnast innanfor, og ikkje minst i skjeringsflatene mellom NMBU sine fagområder. Med ein unik syntese av miljø, biovitenskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi har NMBU spesielt gode føresetnader for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar.

Samla resultat, måloppnåing og ressursbruk ved NMBU

Etter eit godt år i 2017, viser resultatata for 2018 at NMBU har konsolidert si stilling. NMBU har gode resultat på fleire indikatorar som studentane si oppfatning av studiekvaliteten, omsetning frå Noregs forskingsråd, andre bidrags- og oppdragsinntekter, likestilling, gjennomføring av doktorgradsstudiet og kjennskapen til NMBU. Samstundes ser vi ein nedgang samanlikna med 2017 på gjennomføring på både bachelor- og masterutdanningane, publiseringspoeng per faglege årsverk, talet doktorgradar og Horisont 2020-kontraktar.

NMBU har i 2018 lagt til rette for å styrkje satsinga på «Framifrå forskning og utdanning» (FFU). Satsinga er NMBU sitt strategiske grep for å løfte arbeidet med forskning og utdanning.

Fagmiljøa har vidareført arbeidet med å utvikle kvaliteten i studieprogramma. Fleire fagmiljø vil gå i front for å utvikle undervisninga, og arbeidet med periodisk programevalueringar har auka kraftig samanlikna med 2016 og 2017. Det målretta arbeidet med gjennomstrøyming har gitt gode resultat på masternivået. På bachelornivået må gjennomstrøyminga bli betre.

NMBU har i 2018 styrkt samarbeidet med eksterne partnarar for auka forskingsinnsats. NMBU sitt talentsatsingsprogram viser gode resultat. Det har vore høg aktivitet knytt til deltaking i Horisont 2020, sjølv om ein ikkje har nådd opp til nivået i toppåret 2017. Forskingstiljøa ved NMBU er sentrale i den nasjonale satsinga på livsvitenskap der NMBU, blant fleire, samarbeider med Universitetet i Oslo.

Innovasjonsstrategien har vore eit godt grunnlag for å auke satsinga på entreprenørskap og kommersialisering av forskingsresultat. Etableringa av Ard Innovation AS og Inkubator Ås AS har vore viktig, både for stor aktivitet blant studentane, og for auka bidrag frå vitenskapeleg tilsette, sjølv om ein ikkje når opp til måltala i 2018. Det studentdrivne Eik Idéverkstad har hatt høg aktivitet.

Samlokaliseringssjorsjektet representerer ein unik sjanse for NMBU, og NMBU har prioritert ressursar for å bidra til at sjorsjektet når dei måla som er sett frå dei løyvande styresmaktene. Fagmiljøa ved NMBU har samla sett evna å halde oppe utdannings- og forskingsproduksjonen i tillegg til omfattande brukarmedverknad. NMBU er kome godt i gang med å realisere effektmåla som er sette



Universitetsstyret ved NMBU 07.03.2019

Fra venstre foran: Per Holten-Andersen, Hanne Berggren, Siri Hatlen (Styreleiar), Marianne Harg, Kristin Olstad
 Fra venstre bak: Petter Arnesen, Ruth Haug, Hilde Vinje, Birger Svihus, Eivind Norum, Benedikt Goodman

Foto: Håkon Sparre

4

for Samlokaliseringsprosjektet. Dyrepleiarstudiet er alt utvida til eit bachelorstudium, det er etablert forskingssamarbeid på nye område, og fleire nye tverrfaglege ph.d-kandidatar er i gang med sitt studium.

Arbeidet med utvikling av campus Ås har vore viktig i 2018. Styret har vedteke Campusplan 2019 – 2023 – 2040 som viser hovudretninga for vidare campusutvikling og fastsett arealnormer.

2018 har vore eit utfordrande år når det gjeld ressursar. Styret erkjenner at 2019 og 2020 til flytting frå Adamstua til Ås er gjennomført, vil medføre ekstra ressursbruk som det førebels ikkje er gjeve dekning for gjennom øymerka løyvingar over statsbudsjettet. Styret har sett av monalege midlar til brukarmedverknad og flytteførebuingar i Samlokaliseringsprosjektet og Prosjekt campus. I tillegg har styret innanfor budsjettamma innarbeidd ei avsetning på 15 mill. kroner til dekning av uføresette kostnader.

Innanfor sikring og beredskap er det i 2018 gjennomført fleire øvingar, oppdatert rutinar og innført nye system.

Samla sett meiner styret at NMBU i 2018 har hatt tilfredsstillande måloppnåing og effektiv ressursbruk, sjølv om resultatutviklinga i stort ligg om lag på 2017-nivå, når ein tek med i vurderinga dei tunge prosjekta og prosessane knytte til samlokaliseringa.

Forhold som har verka inn på oppnådde resultat

Dei store utbyggingsprosjekta krev i stort monn involvering og deltaking frå NMBU sine tilsette, og NMBU har sett risiko for at dette kan verke negativt inn på kjerneverksemda. Fleire miljø har eit stort ressursuttak i utbyggingsprosjekta. Spesielt gjeld dette Veterinærhøgskulen som på nokre område ikkje har evna å holde oppe produksjonen som følgje av dette ressursuttaket, mellom anna på forskarutdanninga kor vegleiar kapasitet i stort monn er bunden opp brukarmedverknaden og førebuingane til flytting, med den følgje at ein har hatt redusert kapasitet til å ta opp og vegleie stipendiatar. Styret ser med bekymring på denne utviklinga. Trass i denne situasjonen syner resultatata

for 2018 at NMBU som heilheit har klart å halde oppe resultatata på fleire område. Styret vil gje honnør for innsatsen som ligg til grunn for desse resultatata.

Eit område med potensielt negativ innverknad på resultatutviklinga er dei fysiske rammene for gjennomføringa av studieprogramma. Ved enkelte fakultet opplever vi mangelfull infrastruktur, slitne lokale og splitta lokalisering som ei utfordring i gjennomføringa av studieprogramma. Det er ei viktig målsetting for arbeidet med Campusplanen å betre dette.

Dei viktigaste prioriteringane i 2019

Dei viktigaste prioriteringane i 2019 er knytte opp mot strategien, og er konsentrerte om områda: Nyskaping med forankring i berekraft og tverrfaglegheit, Betre koordinering og utnytting av infrastruktur, Digitalisering, Profesjonalisering av organisasjonen som inkluderer leiarutvikling og kulturbygging. Satsinga «Framifrå forskning og utdanning» held fram.

Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet sine tre utviklingsmål vil naturleg stå sentralt i styrets arbeid.

NMBU vil i 2019 styrkje posisjonen sin som nasjonal og internasjonal deltakar i utdanning og forskning. Universitetet har sidan etableringa i 2014 opparbeidd seg eit godt omdømme, både blant samarbeidspartnarar og i befolkninga. Omdømmet speglar samfunnsrelevansen, kvaliteten og den målretta innsatsen frå fagmiljøa.

Digitalisering innanfor undervisning, forskning og forvaltning vil bli prioritert i 2019. I 2019 vil NMBU vedta ein digitaliseringsstrategi som vil bli førande for NMBU si utvikling på dette området.

Styret har merkt seg statsrådens brev av 7. januar 2019 om «Kunnskapsdepartementets styringsmodell for informasjonssikkerhet i høgere utdanning og forskning». Styret vil aktivt følgje opp ansvaret styret har fått på dette området.

2019 ber preg av at NMBU er i ein intensiv innspurtfase i Samlokaliseringsprosjektet og Brukarutstyringsprosjektet, og det ligg eit stort ansvar på NMBU for å sikre god oppstart frå 2020. Samarbeidet med Statsbygg om infrastruktur, og då spesielt IKT, vil bli ei viktig satsing saman med utvikling av effektive og berekraftige driftsmodellar. I budsjettet for 2019 har styret sett av 32 mill. kroner for å dekkje NMBU sine utgifter til deltaking i prosjekta. Det er overordna viktig at prosjektet blir ferdigstilt med alle planlagde funksjonar som føreset. NMBU ser fram til tett dialog med Kunnskapsdepartementet for å sikre god samhandling mellom dei involverte partnarane i denne fasen av prosjektet.

Ås

15. mars 2019



Siri B. Hatlen

styreleder




Marianne Harg




Petter Arnesen



Per Holten-Andersen Kristin Olstad




Birger Svihus



Ruth Haug



Hilde Vinje



Eivind Norum




Hanne Berggreen



Benedikt Goodman



Foto: Håkon Sparre



Introduksjon til verksemda og hovudtal

I 2018 vedtok NMBU sitt styre [strategi for åra 2019–2023](#). «Felles innsats for en bærekraftig framtid» er NMBU si overordna satsing. Satsinga uttrykkjer vårt sterke ønske om og tru på at vi skal vere ein viktig aktør i arbeidet med å sikre livsgrunnlaget for framtida. Det gjer vi gjennom framifrå forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

NMBU sin visjon er **Kunnskap for livet**.

[NMBU sitt samfunnsoppdrag](#)


Som universitet skal NMBU utdanne framifrå kandidatar og utføre forskning av høg kvalitet som er med på å løfte fram nye perspektiv og skape innovasjon. NMBU skal bidra til ein kunnskapsbasert og open offentleg debatt og medverke til å heve samfunnet sin tillit til metodar og resultat i forskinga.

Vi skal ha eit ope og respektfullt samarbeid med verda rundt oss. Vi skal sørge for at fellesskapet sine midlar blir brukte effektivt og målretta og slik at dei kjem heile samfunnet til gode. NMBU skal vere eit internasjonalt anerkjent universitet.

NMBU har eit særskilt ansvar for å bidra til å sikre livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. Studentane våre skal utrustast med eit tankesett for berekraft. Dei skal ha kunnskap, kompetanse og ferdigheiter som blir kravde for å møte dei store globale utfordringane i samfunn.

Berekraftsmåla vart vedtekne av SN i 2015 som utgangspunkt for felles innsats for framtida for kloden. NMBU har ein unik fagleg syntese av miljø- og biovitenskap, bioproduksjon, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi som gjer oss skreddarsydd til å bidra med å løyse desse utfordringane og gjere ei berekraftig framtid mogleg, i tråd med berekraftsmåla. Løysingane vil i stor grad finnast i skjeringsflatene og i samspelet mellom fagområda våre.

Organisasjonskart



8

Universitetsleiinga



Mari Sundli Tveit
rektor



Solve Sæbø
prorektor for utdanning



Øystein Johnsen
prorektor for forskning



Lars Atle Holm
administrasjonsdirektør



Eva Falleth
dekan LANDSAM



Anne Cathrine Gjørde
dekan REALTEK



Anne Storset
dekan VET



Kari Kolstad
dekan BIOVIT



Ågot Aakra
dekan KBM



Gro Ladegård
dekan HH



Sjur Baardsen
dekan MINA



Tord Hauge
leiar av Studenttinget



Nøkkeltal og fakta

Nøkkeltal om økonomi

Beløp i tusen kroner	2018	2017
Totalt	1 854 163	1 739 650
-inntekter frå løyvingar/stat	1 271 836	1 176 559
-eksterne inntekter	369 456	361 021
-sals-/leigeinntekter	168 346	167 297
-andre driftsinntekter	44 524	34 773

NMBU har

- rundt 1600 årsverk fordelt på campus Ås, campus Adamstua og campus Sandnes
- sju fakultet
- dyresjuehus
- Senter for husdyrforsøk (SHF), klimaregulert planteforskning (SKP) og etter- og vidareutdanning (SEVU)

9

Nøkkeltal om studia ved NMBU

- 5 325 studentar, 1173 kandidatar
- 65 studieprogram

Nøkkeltal om forskinga ved NMBU

- 833 vitskapelege årsverk
- 518 doktorgradsstudentar
- rundt 90 doktorgradar årleg
- rundt 1000 vitskapelege publikasjonar årleg



10



Foto: Benjamin A. Ward



Det flotte veterinærbygget reiser seg i hjartet av campus. Foto: Håkon Sparre

Vårt moglegheitsrom på ein samla campus

I 2020 flyttar både Veterinærhøgskolen og Veterinærinstituttet til Ås, og veterinærfaga blir lokaliserte saman med resten av campus. Stortinget har sett ei kostnadsramme på vel 8,1 milliardar kroner i perioden fram til 2020 for å utvikle NMBU på campus Ås. Ei slik satsing nettopp på fagområda våre, er ikkje tilfeldig. NMBU består av to tidlegare institusjonar med sterke tradisjonar: Noregs landbrukshøgskole (seinare Universitetet for miljø- og biovitskap) vart etablert i 1859 og Noregs veterinærhøgskole i 1935. Den gongen handla det om å byggje landet. Enno handlar det om livsgrunnlaget for framtida – om kunnskap for livet på denne kloden.

Vi skal halde fram med å utvikle ein heilskapleg, moderne og berekraftig campus, og vi forventar vekst i mengda tilsette og studentar. NMBU skal, saman med dei andre institusjonane på campus Ås, vere eit nasjonalt kraftsenter innan berekraft. Auka samarbeid er nøkkelen til suksess, både internt, med andre forskingsinstitusjonar og med verda rundt oss.



Rektor fekk handelse på 1100 nye studentar under immatrikuleringa. Foto: Håkon Sparre



Aktivitetar og resultat

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv	Resultat		Mål	
	2017	2018	2018	2019
Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	43,4%	35,1%	45%	45%
Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	57,8%	55,6%	60%	60%
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	67,1%	74 %	75%	80%
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)	38,8	36,5	38	38
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)	4,2	4,2	4,5	4,3
Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk (DBH)	1,35	1,19 ¹	1,45	1,45
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk ² (Forskningsrådet/NIFU)	105 000 ³	51 000 ⁴	60 000	60 000
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (DBH)	1,13%	1,56%	2,0%	2,0%
<i>Talet på gjennomførte periodiske programevalueringar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>5</i>	<i>7</i>

¹ Resultat pr. 15.2.2019

² Berekna på grunnlag av NIFU FoU-årsverk i år 2017.

³ I årsrapporten for 2017–2018 vart tal for fagårsverk frå DBH nytta.

⁴ Berekna på grunnlag av innvilga prosjekt med søknadsfrist i 2018. Nokre av prosjekta er framleis i kontraktfase. For desse prosjekta har ein teke utgangspunkt i søkt beløp, og ikkje innvilga beløp. Talet er førebels, då ikkje alle søknader med søknadsfrist i 2018 er ferdig evaluerte.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 1:

1. NMBU sine kandidatar har kompetanse på høgt fagleg nivå, er etterspurde og bidreg til berekraftig verdiskaping for å sikre livsgrunnlaget for framtida
2. NMBU sine kandidatar har fagleg djupn, tverrfagleg forståing og internasjonalt perspektiv.
3. NMBU har fri og uavhengig forskning på høgt internasjonalt nivå som gjev ny kunnskap for ei berekraftig utvikling.

Rapport og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparametrar

Gjennomføring og progresjon

Delen av studentar som gjennomfører på normert tid, har hatt ei negativ utvikling frå 2017 til 2018. Dette gjeld særleg på bachelornivå. NMBU ligg framleis over gjennomsnittet blant universiteta når det gjeld master- og ph.d nivå, men godt under når det gjeld bachelor, og her har avstanden til gjennomsnittet auka.

NMBU er ikkje tilfreds med utviklinga i gjennomføringa. I 2015-kullet på bachelorprogramma er det fleire som har starta, men det er ikkje tilsvarende fleire som har gjennomført. Det er òg ein større del som har falt frå. Endringa har skjedd jamt over og gjeld for nesten alle bachelorprogramma. Det blir viktig å følgje utviklinga tett framover. Det vil være auka merksemd på gjennomføring i rektors styringsdialog med fakulteta i vår og i programrapporteringa i haust.

NMBU arbeider kontinuerleg for å auke gjennomføringa og redusere fråfallet. Forsking viser at institusjonane sitt handlingsrom når det gjeld å motverke fråfall, er relativt avgrensa. Tiltaka må vere målretta og ha solid forankring i det studienære arbeidet. Programrapporteringa for 2018 viser også at det er slik innsatsen er, og at tiltaka ofte er eit ledd i den generelle utviklinga av programmet. Eksempel frå programmiljø som har hatt ei god utvikling, viser at slike heilskaplege grep gjev effekt.

Det blir for tida gjennomført periodiske programevalueringar for fleire av dei programma som har svak gjennomføring. Evalueringane vil kunne gje programmiljøa viktige innspel på kva som kan gjerast for å betre gjennomføringa.

Arbeidet med masteroppgåva er ein fase i utdanninga som kan ha direkte verknad på om ein student gjennomfører på normert tid. Det er i dei siste åra sett inn tiltak som har hatt effekt; fleire leverer i tide og færre utset leveringa.

Det psykososiale læringsmiljøet er ein viktig rammefaktor for progresjonen i studia. Læringsmiljøutvalet (LMU) er involvert i arbeidet med å følgje opp resultatata frå SHoT-undersøkinga. Det er alt vedteke ei rekke strakstiltak, og det vil i 2019 bli utarbeidd ein samla handlingsplan for utvikling av det studiesosiale miljøet ved NMBU. I tillegg har NMBU i samarbeid med NTNU hausten 2018, gjennomført ei SHoT-undersøking blant internasjonale studentar.

Studiebarometeret frå 2018 viser at NMBU-studentane i snitt bruker 36,3 timar per veke på studium, fordelt på organiserte læringsaktivitetar (16,6 timar) og eigenstudium (19,7 timar). Sjølv om det er ein reduksjon samanlikna med året før, ligg NMBU saman med NTNU, på topp blant universiteta.



Minister for høgare utdanning og forskning, Iselin Nybø besøkte NMBU i mai med gode nyheiter: Regjeringa løyvde 17,5 millionar til å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for vatn og avløp ved NMBU. Mari Sundli Tveit til venstre, Iselin Nybø i midten og administrasjonsdirektør Lars Atle Holm til høgre. Foto: NMBU

Gjennomføringsgraden for ph.d-studentane varierer frå år til år. I 2018 var han 74 %. Gjennomføringsgraden for 2011-kullet var relativt låg, 67 % (i 2017), mens han var 73 % for 2010-kullet (i 2016) og 72 % for 2009-kullet (i 2015). Det vart avlagt 87 doktorgradar i 2018, 86 ph.d.-gradar og 1 dr. philos.-grad. Det er venta at talet på disputasar også i nokre år framover vil vere om lag 90 i året. Ved utgangen av 2018 var talet på aktive doktorgradskandidatar 518. Det har over fleire år vore arbeidd med kvaliteten i forskarutdanninga, og det er eit håp at gjennomføringsgraden stabiliserer seg på eit jamt høgt nivå. Om lag 80 % er eit realistisk mål, ut frå alle faktorar som påverkar gjennomføringsgraden i doktorgradsutdanninga.

Kvalitet i studieprogramma

NMBU sin skår på «alt-i-alt»-spørsmålet om tilfredsheit i Studiebarometeret, ligg stabilt på 4,2. NMBU har den høgaste skåren i sektoren, følgt av NTNU på 4,1. Dei aller fleste av programma ved NMBU ligg over 4,0 i skår, men det finst unntak som ein må sjå nærare på.

Samanlikna med det nasjonale snittet skil NMBU seg positivt ut når det gjeld tilfredsheit med fagleg rettleiing og diskusjonar med fagleg tilsette, det faglege miljøet blant studentane på programmet, og miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette (i tillegg til tilfredsheit med den administrative tilrettelegginga av programmet).

SHoT-undersøkinga frå 2018 har også spørsmål om korleis studentane oppfattar studiekvaliteten. NMBU skårar betre enn landsgjennomsnittet på alle desse spørsmåla, og det gjeld spesielt undervisning, fagleg rettleiing og organisering av studiet.

NMBU bruker resultatane frå Studiebarometeret aktivt, men legg vekt på at dei først og fremst er interessante når dei blir vurderte på programnivå.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning



*Elin Kubberød er ansvarleg for faggruppa Entreprenørskap og innovasjon, som har fått nasjonal annerkjenning gjennom anna NOKUT. Her er hun flankert av prorektor Solve Sæbø og rektor Mari Sundli Tveit.
Foto: NMBU*

16

Hovudintrykket frå programrapporteringa i 2018 er at studieprogramma og undervisninga legg til rette for at studentane skal nå eit definert læringsutbyte. Undervisarane ved NMBU er høgt fagleg kvalifiserte og har med få unntak førstekompetanse. Emne-/ programsamansetjing og attraktivitet blir vurdert som god og læringsaktivitetar og vurderingsformer blir vurderte å byggje opp under læringsmåla.

Nokre program synest å ha konkrete utfordringar og utviklingsbehov. Det kan gjelde oppbygning og innhald i omtalen av læringsutbyte, behov for utvikling av spesifikke delar av programma / samanhengen i programma eller behov for utvikling av fleire programspesifikke emne. I tillegg kjem utfordringar med slitte lokale, mangelfull infrastruktur og sårbarheit i bemanning. For dei programma dette gjeld, er det tydeleg merksemd på desse veikskapane, og dei fleste har planar for utvikling og forbetring.

I samsvar med revidert forskrift om tilsetjing og opprykk, vil NMBU utvikle nærare kriterium for tilsette sin utdanningsfaglege kompetanse og korleis denne kompetansen skal dokumenterast. For å få til eit samla løft når det gjeld pedagogisk kompetanse og pedagogisk utvikling ved NMBU, blir desse tema samla i eitt og same utviklingsprosjekt i 2019. Føremålet er 1) å førebu universitetet for ikraftsetjinga av dei nye forskriftsføresegnene 2) få innført ei meritteringsordning for NMBU innan utgangen av 2019 (denne vil sjåast i samheng med ny forskrift for pedagogisk kompetanse for tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar), og 3) styrkje og fornye rammene for kompetanseutvikling for undervisarane.

Inn- og utveksling

Tala for 2018 viser ein oppgang for Erasmus+. Dette er gledeleg, og satsinga og arbeidet med å få ut fleire til å reise ut på Erasmus+ vil halde fram.

Utviklinga for det totale talet inn- og utreisande studentar ser derimot ut til å ha stagnert. NMBU har høge ambisjonar for sitt internasjonaliseringsarbeid, og er ikkje nøgd med utviklinga på dette området.

NMBU vil auke merksemda på inn- og utveksling som eit ledd i implementeringa den nye strategien.

Studiebarometeret 2017 viser at studentar som reiser ut, gjennomgåande har positive erfaringar. Dei meiner jamt over at utvekslinga gjev god læring og auka motivasjon og opplever opphaldet som fagleg utfordrande. Dette gjeld også for NMBU sine studentar. NMBU legg til grunn at internasjonalisering av utdanninga betyr meir enn inn- og utveksling av studentar. Universitetet skårar høgare enn gjennomsnittet i sektoren på dei aller fleste av spørsmåla om internasjonalisering. Det er spesielt stor differanse mellom NMBU og gjennomsnittet når det gjeld informasjon frå institusjonen om moglegheiter og oppmuntring til å reise ut. NMBU-studenten føretrekkjer også i større grad pensum på engelsk og viser til større fagleg og sosial integrering mellom norske og utanlandske studentar, enn det som er gjennomsnittet.

Publiseringspoeng

Det endelege resultatet for publiseringspoeng vil fyrst liggje føre 01.04.2019. NMBU legg vekt på publisering med høg kvalitet og open tilgang til forskingsresultatet. Vitskapleg tilsette blir oppmoda om å publisere i kanalar i tidsskrift på nivå to og i Gull open access der det er mogleg. NMBU nyttar Brage institusjonelt vitenarkiv for Grønn open access av artiklar og tilgjengeleggjering av master- og ph.d.-avhandlingar. Per 14.02.2019 har NMBU registrert til saman 990 vitskaplege publiseringspoeng for 2018. Det utgjer 1,19 publiseringspoeng per fagarverk, ein liten nedgang frå 2017. På den andre sida var 21 % av publikasjonane på nivå to, og det er fleire publikasjonar i prestisjetidsskrift.

Horisont 2020

EU sitt rammeprogram er eit prioritert område for NMBU. Universitetet arbeider kontinuerleg og på ulike nivå for å styrkje deltakinga. Alle fakulteta utarbeider eigne handlingsplanar som skal bidra til heilskapleg og målretta bruk av moglegheitene i Horisont 2020. Hausten 2018 utarbeidde NMBU ein EU-handlingsplan. Handlingsplanen svarer direkte på fakulteta sine behov og skal gje endå betre støtte og tilrettelegging for EU-prosjekt.

NMBU sende totalt 32 søknader til Horisont 2020 i 2018. Fem av søknadene har så langt fått tilslag, og det gjev ein suksessrate på 21 %, basert på dei søknadene som er ferdig evaluerte på rapporteringstidspunktet. Det er positivt at NMBU også i 2018 fekk eit nytt koordinatorprosjekt: *AQUA-FAANG - Advancing European Aquaculture by Genome Functional Annotation* (framleis i kontraktfase). Nær halvparten av søknadene vart sende til MSCA og ERC. Sju søknader vart sende til ERC, det er ein auke frå tidlegare år. Tre er avslegne, fire er framleis under evaluering, av desse ein Advanced Grant -søknad som har kome til trinn to. Fleire er interesserte i å søkje, og kvaliteten på søknadene er på veg opp. NMBU har som mål å styrkje resultatata i Excellence-pilaren, særleg når det gjeld ERC- og MSCA IF-stipend. NMBU jobbar aktivt både med å utvikle og å mobilisere toppforskarar. Verdien av nye Horisont 2020-kontrakter i 2018 er ca. 50 000 kr per FoU-årsverk. Sjølv om NMBU på rapporteringstidspunktet ikkje har nådd målalet for verdien av kontraktar, er det samla sett grunn til å vere godt nøgd med resultatata.

Også i EU-program utanfor Horisont 2020 har NMBU lukkast godt. Universitetet har fått seks ERA-net og to Joint Programming Initiative (JPI-ar), med NMBU som koordinator i tre av prosjekta.

Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og egne styringsparametrar

Auka aktivitet i den periodiske programevalueringa

Gjennomføring av periodiske programevalueringar er eit viktig komplement til den årlege eigenevalueringa som skjer på programnivå, og bidreg med eit eksternt fagfelleblikk på kvaliteten i studietilbodet. NMBU har valt å ha ein eigen styringsparameter på dette området, som eit indirekte mål på kvalitet.

NMBU ser etter to år med liten aktivitet, ei klar auke i både merksemd, kunnskap og gjennomføring på dette området. Rektor bestilte i alt ti evalueringar for 2018, og alle evalueringane er i gang. To av desse ble avslutta i starten på 2019 og det blir sett i gang evalueringar i 2019.

Trass i ei klar auke i aktiviteten er resultatoppnåinga svak i 2018, av di ingen av evalueringane blei ferdige i løpet av året. Det ligg nå til rette for ei betrakteleg betre måloppnåing for 2019 med den store auken i arbeidet.

I 2019 blir det for første gong gjennomført ei periodisk evaluering av forskarutdanninga.

I tillegg til dei vanlege periodiske programevalueringane, kjem det kontinuerlege arbeidet med å følgje opp dei internasjonale akkrediteringane for veterinær- og dyrepleiarutdanningane og førebuingane til internasjonal akkreditering av Handelshøgskolen sine studietilbod.

Forskarutdanninga med gode resultat


NMBU si forskarutdanning held eit høgt fagleg nivå, men kan også bli betre på nokre område. NMBU arbeider kontinuerleg med utvikling av kvaliteten i forskarutdanninga slik at den er oppdatert og doktorgradskandidatane relevante for arbeidsmarknaden og samfunnet. Ph.d.-programma blir evaluerte årleg av det enkelte fakultetet. Evalueringane er baserte på resultatata frå den årlege spørjeundersøkinga, i tillegg til ph.d.-studentane sine egne vurderingar av kvaliteten i ph.d.-programma. Resultata frå ph.d.-spørjeundersøkinga viser at ph.d.-kandidatane ved NMBU i hovudtrekk er nøgde med utdanninga ved NMBU. Det er likevel nokre område ph.d.-kandidatane finn utfordrande, både i 2017 og i 2018.

NMBU har fokus på robuste fagmiljø, rettleiarkompetanse, tilknytning og deltaking i aktive forskargrupper og utvikling av generiske ferdigheiter (akademisk skriving, prosjektleiing, formidling m.m.). Å leggje til rette for at ph.d.-kandidatane får ein god start vil gje vinstar gjennom heile utdanninga.

Både rettleiarar og ph.d.-kandidatar har fått opplæring i handtering av forskingsdata og utarbeiding av datalagringsplanar. NMBU har etablert eit eige ope dataarkiv. Arkivet er ein del av open source-plattformen DataverseNO som blir drifta av Universitetet i Tromsø.

Framifrå forskning og utdanning

Satsinga på framifrå forskning og utdanning er eit viktig strategisk grep for å auke måloppnåinga, og vart vidareført i 2018. Satsinga har vore konsentrert rundt områda talent, prestisjeprosjekt og kvalitet i alle ledd. NMBU skal ha forskingsmiljø i internasjonal toppklasse og utdanne kandidatar som har



Forskningsgruppa ved CIGENE – Centre for Integrative Genetics er tildelt Fripro toppforsk frå Forskningsrådet i 2018. Her er Simen Rød Sandve og Sigbjørn Lien fotografert. Foto: Håkon Sparre

fagleg djupn, tverrfagleg forståing og internasjonalt perspektiv. NMBU har hatt som mål å utvikle framifrå forskning og forskingsmiljø og utvikling av gode forskingsøknader. Første kull «unge talentfulle forskarar» gjekk ut av talentutviklingsprogrammet i 2018 med svært positive tilbakemeldingar frå deltakarane. Det har ført til at talent har utvikla kompetansen sin, og forskingsresultata har skote fart.

Ordninga med talentpartnargrupper der deltakarane møttest jamleg, har også bidrege til at forskarane frå forskingsgruppene delte erfaringar om publisering og korleis søkje forskingsmidlar. Mange har nytta dei tildelte frie midlane til nettverksbygging både nasjonalt og internasjonalt. Dette har òg gjeve fleire av deltakarane høve til å delta på konferansar, og samarbeide med andre forskarar og forskargrupper. Mentorordninga har også fungert godt, og mange av deltakarane i talentutviklingsprogrammet har hatt mentorar frå utanlandske universitet. Målet er at tilsette skal få høve til å utvikle kompetansen sin slik at dei stiller sterkare i konkurransen om finansiering til forskingsprosjektet. Tilbakemeldingane frå deltakarane peiker på at innhaldet i programmet har vore verdifullt og nyttig. Fleire av talenta har oppnådd prosjekttildeling undervegs i programmet, og fleire har sendt søknader til Horisont 2020. Det andre kullet i talentutviklingsprogrammet held fram ut 2019, og satsinga vil bli evaluert i 2019 med tanke på vidareutvikling. Ho vil også bli tilpassa NMBU sin nye strategi.

Ambisjonen om å få tilslag på fleire nasjonale og internasjonale prestisjeprosjekt har også gjeve resultat, og tre forskargrupper er tildelt Toppforsk-midlar gjennom Forskningsrådet sitt FRIPRO program, den siste tildelinga skjedde i 2018.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning



I 2018 opna SEARCH, avdeling Sandnes. I dette nye biomedisinske forskings- og utdanningscenteret møtest humanmedisin og veterinærmedisin i eit unikt samarbeid som aukar sjansen for å redde menneskeliv. Her er førsteamanuensis Marianne Oropeza-Moe og prorektor for forskning Øystein Johnsen igang med opninga. Foto: Camilla Wiik Gjerdrum

20

Som eit ledd i arbeidet med å styrkje ein kultur som kan fremje kvalitet i alle ledd, er leiarutviklingsprogrammet i forskings- og utdanningsleining for vitskapeleg tilsette og kurs i prosjektleiing for ph.d.-kandidatar vidareført.

For å løfte undervisninga ved NMBU blir det arbeidd med støtte og kompetanseutvikling. Læringscenteret ved NMBU skal, med utgangspunkt i læringsfilosofien, leggje til rette for undervisarane sitt arbeid med utvikling av undervisninga.

Å støtte prosjekt og miljø som kan vise veg og gå føre, er ein viktig del av satsinga. Ordninga med støtte til utvikling av innovativ undervisning er eit viktig tiltak i denne samanhengen. Det vart lyst ut midlar også i 2018, og det kjem ei ny utlysning i 2019. Talet på søknader om forskingsmidlar vitnar om auka aktivitet for å utvikle undervisninga og om ambisjonar om å ta skrittet vidare og evaluere og dokumentere effektar av tiltaka og til å publisere.

Toppforskningscenter

NMBU er vertskap for fleire toppforskningsprosjekt. CERAD, er eit senter for framifrå forskning (SFF) og vart oppretta i 2013. Senteret arbeider med å skaffe fram eit vitskapeleg grunnlag for risikovurderingar og konsekvensanalysar som blir nytta i handteringa av situasjonar med radioaktiv stråling. Forskningsrådet gjennomførte ei midtvegsevaluering av senteret i 2018, med svært positiv tilbakemelding, og senteret blir vidareført i fem nye år, fram til og med 2022.

Foods of Norway som vart oppretta i 2015, er eit senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Senteret forskar på og arbeider for å utvikle berekraftige fôrressursar basert på biomasse som masse frå tre, tang

og tare og avfall frå til dømes matindustrien. Målet er å utvikle fôr som kan erstatte fôr som i dag blir produsert på areal som kan produsere mat, og fôr basert på ressursar som elles går til spille.

NMBU er vertskap for eit forskingssenter for miljøvenleg energi (FME), Bio4Fuels. Senteret vart offisielt opna i 2017 og skal, saman med mange aktørar, utvikle berekraftig biodrivstoff basert på skandinavisk skog.

Det er også eit mål å utvikle produkt slik at alle råvarer blir nytta som ressurs. Bio4Fuels og Foods of Norway har begge utstrekt samarbeid med næringslivet og er avhengige av fleirfagleg samarbeid for å lukkast.

I 2018 opna SEARCH, avdeling Sandnes. I det nye biomedisinske forskings- og utdanningscenteret møtest humanmedisin og veterinærmedisin i eit unikt samarbeid som aukar sjansen for å redde menneskeliv. I senteret skal vi auke kunnskap om sjukdomar, diagnostikk og behandling til nytte for både dyr og menneske. SEARCH er eit samarbeid mellom Helse Stavanger universitetssjukehuset HF, Universitetet i Stavanger og NMBU. NMBU fekk tildelt 12 mill. kroner til medisinsk utstyr i 2018 og ytterlegare 10 mill. kroner for 2019.

Det er under etablering eit nasjonalt kompetansesenter for vatn og avløp ved NMBU. Bakgrunnen for senteret er at det står svært dårleg til med vassleidningane i Noreg, og det er knytt forventningar til samarbeidet om kompetansesenteret saman med norsk vassbransje.

Måloppnåing for sektormål 1 i 2018

NMBU er generelt nøgd med utviklinga innan målområdet, sjølv om ein på nokre områder hadde ein nedgang i resultatata i 2018. Satsinga på Framifrå forskning og utdanning har vore eit viktig strategisk grep som ein no ser gode resultat av. Dette gjeld måloppnåing for sektormålet, men også verksemdsmåla. Det er gledeleg at talentutviklingsprogrammet får gode evalueringar og har gjeve dei ønskje resultatata. Ein ser òg at ordninga med støtte til utvikling av innovativ undervisning og styrkinga av rådgjevarapparatet knytt til EU-forskinga har vore vellukka satsingar.

Programrapporteringa for 2018 viser at kvaliteten i studietilbodet ved NMBU er god og at det skjer ei kontinuerleg utvikling av studieprogramma. Den positive utviklinga i gjennomføringa av periodiske programevalueringar er særleg viktig for det systematiske arbeidet for å utvikle kvaliteten i studieprogramma. Leiinga har merksemd på dei områda der det er potensial for forbetring. Dette gjeld spesielt gjennomføringa på bachelornivået.

NMBU hadde i 2018 eit tilfredsstillande resultat i Horisont 2020 sjølv om det er ein nedgang frå 2017, då vi hadde eit særskilt stort EU prosjekt. Resultata er elles gode samanlikna med tidlegare år, og held seg jamt høgt samanlikna med sektoren elles. NMBU følgjer den nasjonale og internasjonale utviklinga på open forskning, og har revidert dei interne retningslinjene for lagring og tilgjengeliggjering av forskingsdata. NMBU har inngått avtale med UIT og har no sin eigen NMBU Open Research Data. NMBU har i 2018 slutta seg til San Francisco Declaration on Research Assessment (DORA).

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 2: Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	Resultat		Mål	
	2017	2018	2018	2019
NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv				
Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkinga)	70,36%	Ligg ikkje føre tal for 2018	90 %	90%
Bidraginntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)	290 690	286 055	320 000	320 000
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)	191 920	192 690	190 000	200 000
Delen forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken)	40 %	Data blir samla inn i oddetalsår	40%	40 %
<i>Talet på kommersialiseringar (lisensavtalar, selde patentrettar)</i>	5	1	5	7
<i>Talet på selskapsetableringar frå tilsette og studentar - NMBU</i>	7	7	7	7

22

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 2:

- NMBU har saman med strategiske samarbeidspartnarar ei internasjonal leiande rolle innanfor framtidretta område av miljø- og biovitenskap, og skaper ny fagleg synergi saman med forskingsklyngja på Adamstua og Ås.
- NMBU er saman med forskingsinstitutta på Ås og Adamstua den fremste nasjonale forskingsklyngja som bidreg til innovasjon og verdiskaping i miljø- og biovitenskapane.

Rapport og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparametrar

Kandidatar i arbeid

NIFU si kandidatundersøking i 2017 (denne var ikkje ferdig ved rapporteringa i 2017) presenterte oppdaterte tal for arbeidsmarknadstilknyttinga for nyutdanna. Resultata for NMBU viste ein nedgang i delen kandidatar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (70,4 prosent), samanlikna med undersøkinga frå 2015 (75,8), og nivået er godt under gjennomsnittet for sektoren. Den største negative endringa har skjedd i faggruppa «primærnæringsfag». Det er også mindre nedgang for andre faggrupper, mens det er ei positiv utvikling for faggruppa «samfunnsfag».

Det er ikkje synlege endringar i det generelle nivået for yrkesaktive kandidatar eller arbeidsledige kandidatar. Desse tala er også på linje med sektorgjennomsnittet.

NMBU følgjer utvikla tett, og det bør vurderast nærare på programnivå, og over tid for å gje mening.

Både Studiebarometeret og NIFU si kandidatundersøking har spørsmål om relevans. I begge undersøkingane ligg NMBU tett på gjennomsnittet i sektoren. NMBU kjem svært godt ut når det gjeld spørsmål om konkret samarbeid med arbeidslivet i NIFU si undersøking. NIFU peikar på at det generelt sett synest å vere ein positiv effekt på arbeidsmarknadstilpassing av samarbeidet mellom høgare utdanning og arbeidsliv, og at det til forskjell frå konjunkturar og andre eksterne forhold, er noko institusjonane kan påverke.

Programrapportane viser også i 2018 til eit breitt samarbeid med eksterne aktørar gjennom gjesteførelingar, undervisning, sensurering og forskning. I tillegg har nokre av programma konkrete samarbeidsavtalar om undervisninga med offentlege myndigheiter, organisasjonar og næringsliv. Omfanget av systematisk, ekstern deltaking i sjølve programutviklinga har vore aukande, og ligg no stabilt.

Karriererettleiinga ved NMBU skjer både sentralt og lokalt. Karrieresenteret er NMBU si kompetanseining for karriererettleiing og skal i samarbeid med studierettleiarar, fakultet og linjeforeningar sikre noverande studentar eit godt heilskapleg karriereutviklingstilbod. Arbeidet i NMBU sitt karrieresenter er vidareutvikla og intensivert i 2018. Det blir planlagt ytterlegare utvikling av rettleiinga og kursporteføljen for 2019, med vekt på å nå studentane tidlegare i studieløpet.

Eit anna område for arbeid med relevans ligg i innsatsane for å kople utdanning og innovasjon på programnivå. Det finst fleire utsikter til støtte til studentar som ønskjer å utvikle produkt eller starte opp verksemd i studietida, ikkje minst via ARD Innovation AS. Koplinga mellom utdanning, forskning og innovasjon er eit område under utvikling. I tråd med den nye strategien, og som oppfølging av utviklingsavtalen med KD, skal NMBU auke talet på idéverkstader.

23

Bidrags- og oppdragsinntekter (NRF og EU)

NMBU sine inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og Noregs forskingsråd per fagleg årsverk ligg for 2018 om lag på målsetnaden.

NMBU har i 2018 arbeidd vidare med tiltak som er med på å auke bidrags- og oppdragsinntektene utanom EU og Forskingsrådet, og det har hatt god effekt at ein etablerte eit profesjonelt støtteapparat, møteplassar og god dialog mellom involverte partar. NMBU har eit variert og omfattande samarbeid med næringsliv, offentlig sektor og utanlandske aktørar. Samarbeidet er særleg tett innanfor dei tradisjonelle faga som jordbruk, skogbruk, akvakultur, mat og landskapsplanlegging, men NMBU har også samarbeid innanfor energi, foredlingsindustri og ulike teknologiområde.

MNT-faga

Delen forskingsinnsats innanfor dei matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske faga blir samla inn av NIFU kvart andre år (oddetalsår). NMBU hadde ein liten auke i forskingsinnsatsen frå 39 % i 2015 til 40 % i 2017 (NIFU, 2018).

Blant universiteta er NMBU framleis blant dei som har den høgaste delen vitenskaplege tilsette innanfor MNT-fag. MNT-faga på NMBU står for dei langt fleste publiseringane, og har dei fleste ph.d.-kandidatane og postdoktorane. Ein stor del av NMBU sine eksternfinansierte prosjekt har tematikk retta mot MNT-fag. NMBU sine senter (SFF, SFI og nye FME-senter) er også knytte til MNT-fag, og NMBU er partner i Forskingsrådet si satsing på Digitalt Liv der NMBU har to prosjekt.

Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar

Innovasjon og entreprenørskap

ARD Innovation AS, er eigd av NMBU og NIBIO i fellesskap, og arbeider for nyskaping og verdiskaping innan forskingsinstitusjonane sitt verksemdsområde på Campus Ås.

Eitt av prosjekta som selskapet fekk finansiering for frå FORNY til, resulterte i emnet Industriell Innovasjon. Dette blir gjeve første gong i januar 2019 og har meir enn 100 studentar. Dette er eit døme på samarbeidet mellom Ard Innovation AS og NMBU sitt utdanningstilbod innanfor innovasjon og entreprenørskap.

NMBU har utvikla StudEnt-søknader som eige emne og sende i 2018 15 søknader, og tre av desse fekk støtte. Fem av dei sju selskapsetableringane i 2018 var studentbedrifter, og to vart etablerte av tilsette. I perioden 2017–2018 er det vurdert 42 idear frå NMBU og av desse er 29 aktive prosjekt. I 2018 er NMBU-forskarar blitt tildelte ca. 10 millionar frå Forskringsrådet for vidareutvikling av forskingsidear.

ARD skal i løpet av 2019 utarbeide eigarskapspolicy for dei bedriftene som blir etablerte på grunnlag av forskingsresultatet frå NMBU. NMBU har ambisjonar om å auke aktiviteten i opplæring og involvering av studentar og tilsette i innovasjonsarbeid.

Samarbeidet med Inkubator Ås AS og NMBUs Eik idéverkstad er særskilt viktig for å lukkast med arbeidet med entreprenørskap.

Samarbeidet med UiO

Samarbeidet med UiO står sentralt i NMBU sin utviklingsavtale med KD. NMBU har i 2018 halde fram det faglege samarbeidet med Universitetet i Oslo både innan utdanning og forskning. Partane har hatt spesiell merksemd på moglege synergjar i eit framtidig infrastruktur-samarbeid rundt det komande Livsvitskapsbygget i Oslo og det nye Veterinærbygget på Ås.

Norwegian Centennial Chair Grants (NOCC) er eit spesielt forskingssamarbeid mellom UiO, NMBU og University of Minnesota. I vår ble det utdelt midlar til 6 prosjekter, og NMBU er med i 4 av desse.

For å etablere ei ramme rundt samarbeidet mellom NMBU og UiO er det inngått eit «Memorandum of Understanding» (MoU) om 1) Forsking, utdanning og innovasjon, 2) forskingsinfrastruktur og 3) organisatorisk samarbeid. UiO og NMBU har sendt to felles søknader til Forskringsrådet sitt infrastrukturprogram.

Samarbeidet med andre

NMBU og Nofima har i 2018 inngått ein overordna samarbeidsavtale. Intensjonen er å halde fram og vidareutvikle eit godt og langsiktig samarbeid for å auke relevante samarbeidsprosjekt for begge. Føremålet med avtalen er å leggje til rette for meir samarbeid, gjennom prosjekt som gjeld forskning,

innovasjon, utvikling av resultat og formidling innanfor strategisk viktige fag- og kompetanseområde som både Nofima og NMBU har. Vidare ønskjer partane å styrkje kvarandre og bidra til å styrkje Campus Ås. Det er oppretta eit eige samarbeidsutval og det blir planlagt årlege faglege felles-samlingar. Det er utarbeidd egne tilleggsavtalar om:

- Vitskaplege stillingar («II-stillingar»)
- Avtale om bruk av infrastruktur, tilgang til lokalitetar og HMS
- Avtale om utdanning

Tilsvarende avtalar er no under førebuing med Norsk Institutt for berekraft (NIBIO) og med Folkehelseinstituttet (FHI).

NMBU og spesielt Veterinærhøgskolen har gjennom mange år hatt tett fagleg samarbeid med Veterinærinstituttet (VI). Og ein førebur no eit enno sterkare samarbeid om norsk berekraft når Veterinærhøgskolen og VI frå 2020 blir ein del av den biologiske kunnskaps-klyngja på Ås.

Måloppnåing for sektormål 2 i 2018

NMBU er nøgd med måloppnåinga innanfor sektormål to og verksemdsmåla, i det NMBU har oppretthalde det gode nivået på oppdrags- og bidragsfinansiert verksemd utanom Forskingsrådet og Horisont 2020 som ein oppnådde i 2017. NMBU er framleis blant dei fremste universiteta i Noreg når det gjeld inntekter frå Noregs forskingsråd. Det er likevel viktig å understreke at det framleis må arbeidast tett med utvikling av søknader til Forskingsrådet og at samarbeidet med næringslivet kan styrkjast ytterlegare.

Arbeidet med nyskaping og kommersialisering må framleis utviklast og gjevast merksemd.

Gjennom fleire samarbeidsavtalar og samarbeidsprosjekt nasjonalt og internasjonalt, har NMBU styrkt posisjonen sin innan berekraft på ulike arenaer. NMBU har teke aktivt del i samarbeidet innanfor livsvitskap med Universitetet i Oslo og berekraft med samarbeidspartane blant anna på campus Ås. Førebuingane til flyttinga og samlokaliseringa på Ås er i godt gjenge, og NMBU forventar ytterlegare styrking av samarbeidet og ny fagleg synergi framover.

NMBU har framleis eit potensial for å utvide samarbeidet både med næringsliv og offentleg sektor, det er ei god utvikling i samarbeid om prosjektsøknader, aktiv deltaking på møteplassar, samhandling med Råd for samarbeid med arbeidslivet, ekstern deltaking i studieprogramråd og i etter- og vidareutdanningsverksemda.

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 3: God tilgang til utdanning

Sektormål 3 Kandidattal på helse- og lærerutdanningane	Resultat		Mål	
	2017	2018	2018	2019
NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv				
Lærerutdanningane:	88	76	84	84
• PPU	72	70	64	64
• LUR	16	6	20	20
<i>Talet på kurs og deltakarar EVU-kurs</i>	<i>59 kurs, 2134 deltakarar</i>	<i>59 kurs, 1947 deltakarar</i>	<i>Minst 60 kurs og 2200 deltakarar</i>	<i>Minst 60 kurs og 2200 deltakarar</i>
<i>Auka kjennskap til NMBU (Ipsos nasjonale undersøking)⁵</i>	<i>40%</i>	<i>43%</i>	<i>Framleis auke i NMBU sitt omdømme profilundersøking av norske etatar</i>	<i>Framleis positiv trend i NMBU sitt omdømme profilundersøking av norske etatar. Mål 2019: 46%</i>

26

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 3:

6. NMBU er best i Noreg i formidling av forskingsresultat
7. NMBU gjev relevant etter- og vidareutdanning

Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparameter

Lærerutdanninga i vekst

Utviklinga for PPU-utdanninga har vore svært god, mens lektorutdanninga ligg under måлтаlet. Sjølv om det er ein nedgang for lektorutdanninga i 2018, ventar NMBU å nærme seg kandidatmåлтаlet i 2019.

Lektorutdanning i realfag ved NMBU har fått stadig fleire søkjarar og hadde ein kraftig oppgang i 2018 med dobbelt så mange søkjarar som i 2017. Poenggrensa for å kome inn på studiet har gått opp frå 46,7 til 51,4 for førstegongssøkjarar, og frå 50,4 til 51,1 i ordinært opptak. Det er venta auka konkurranse om plassane framover. Tiltaka som var sette i verk for å auke søkinga, ser ut til å ha gjeve resultat.

⁵ Talet viser prosentandel som svarar «Godt/Meget godt inntrykk av NMBU» i befolkninga.

Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og eigne styringsparametrar

Framleis god aktivitet innan etter- og vidareutdanning – potensial for auke

NMBU har ambisjon om at kunnskap skal delast mellom anna gjennom å tilby relevant etter- og vidareutdanning (EVU). Denne aktiviteten er eit viktig bindeledd mellom NMBUs fagmiljø og nærings-/arbeidslivet og dermed strategisk viktig for institusjonen. NMBU har høge ambisjonar for sitt EVU-arbeid og ønskjer eit løft på området. Det vart vedteke ein ny delstrategi for EVU-området i 2018, som understrekar at NMBU har ambisjonar om å auke aktiviteten og breidda i EVU-tilbodet i løpet av strategiperioden.

Arbeidslivet har eit stadig aukande behov for fleksible kompetansehevingstilbod, både for at fleire skal få tilgang til kompetanseheving og for å omstille verksemda. Fleire av kursa som er gjennomførte i 2018, bruker nettbaserte læringsressursar aktivt. Dei digitale læringsressursane blir i så stor grad som mogleg utvikla for eit fleirbruksperspektiv, dvs. både til bruk i ekstern kompetanseheving og i ordinær undervisning.

NMBU stod i 2018 som hovudsøkjar på midlar til utvikling av fleksibel vidareutdanning i digital kompetanse for næringslivet. Prosjektet er eit samarbeid med den regionale næringslivsklyngja Viken teknologiklynge 4.0, OsloMet, Høgskulen i Østfold og Fagskulen i Østfold. I desember 2018 gav Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), tilsegn om tilskot på 2,6 mill. kroner til eit toårig prosjekt.

27

NMBU har vorte meir synleg i 2018

Kvart år gjennomfører NMBU ei omdømmeundersøking. Undersøkinga viser at kjennskapen til NMBU har auka frå 28 % i 2014 til 43 % 2018. Det er spesielt gledeleg at delen av dei som har eit godt inntrykk av NMBU, aukar mest blant unge under 25 år, frå 37 % til heile 59 %. Profilundersøkinga viser også at NMBU er den einaste av utdanningsinstitusjonane som får ein auke i kjennskap og godt inntrykk i 2018. Det tyder at vi vekkjer større og større merksemd blant den viktigaste målgruppa vår, nemleg studiesøkjarar og studentar. I tillegg ser det ut til at vi ikkje lenger blir sett på som ein nykomar, men er i ferd med å etablere ein sterk posisjon. Det er den langsiktige tendensen i talet for kjennskapen til NMBU som er viktig, ikkje talet i seg sjølv. NMBU har som mål fortsatt auke i denne tendensen.

Vi meiner denne utviklinga skriv seg både frå godt formidlingsarbeid, styrkt og meir gjennomtenkt marknadsføring. Vi har vore synlege på arenaer som Arendalsuka, på studiemesser, på vidaregåande skular og på Forskingsdagane.

Forskarar og leiinga ved NMBU skal ha formidling som ein integrert del av arbeidet sitt. Både forskingsformidling og deltaking i den offentlege samtalen er viktige aspekt i dette arbeidet.

I 2018 vart det halde skrivekurs og medietreningskurs for forskarar. Det vart også halde kurs i sosiale medium for studentar. Forskarane driv utstrekt formidlingsarbeid mellom anna gjennom Store norske leksikon. NMBU er medlem i Forskning.no, som er ein viktig formidlingskanal for oss.

Sektormål 3:
God tilgang til utdanning

Student Fredrik Forsberg Ellingsen ønsker rekordmange (nær 600) nysgjerrige gjester velkommen til open dag 2019.
Foto: Håkon Sparre

28

Mange av forskarane våre opptrer ofte i media, og er blitt viktige fagpersonar som pressa kontaktar.

At vi er aktive og synlege i sosiale medium er viktig for kjennskapen til NMBU, særleg for å nå nye studentar. NMBU postar jamleg i sosiale medium og endrar kommunikasjonen i meir visuell retning. NMBU si facebookside har høg aktivitet og har auka frå 3.500 følgjarar i 2014 til 18.000 følgjarar i 2018. Kwart år legg vi ekstra vekt på nokre overordna tema.

Å vere best på forskingsformidling er eit svært ambisiøst mål. Vi har knytt dette opp mot posisjonering innanfor berekraftig utvikling. Det vil seie at vi prioriterer formidling av kunnskap og forskning innanfor dette området. Eit døme på dette er serien «Berekraftige byar og samfunn». Denne serien vart presentert samla på nettsidene våre, publisert på Forskning.no, i sosiale medium og i *Nationen*.

Vi har arbeidd med samordning og kompetanseheving blant dei som arbeider med kommunikasjon i organisasjonen. Gjennom fagnettverka "formidlingsforum" og "marknadsføringsforum" har kommunikasjonsressursar frå alle fakulteta og universitetsadministrasjonen hatt felles kurs, skriveverkstader og utvikla felles kommunikasjonstiltak. Dette har gjort at heile organisasjonen spelar betre saman for å oppnå NMBU sitt strategiske mål.



Anne Sverdrup-Thygeson, professor ved Fakultet for miljøvitenskap og naturforvaltning, har gjort seg bemerkta ved å tale insektas sak i 2018. Foto: Håkon Sparre

Måloppnåing for sektormål 3 i 2018

Vi er svært nøgde med at kjennskapen til NMBU aukar også i år, og då særleg blant ungdomen som er i hovudmålgruppa vår. Dette kjem m.a. av ei godt planlagt marknadsføring, ein synleg rektor og at forskarane våre er aktive i samfunnsdebatten.

Lærarutdanninga er i vekst. Begge utdanningane er vurderte til å ha god kvalitet, og gjennomføringa er no god. Innhaldet i utdanninga blir kontinuerleg vurdert i høve til rammeplanar og deltaking i ekstern programutvikling, og studentane oppnår solide faglege resultat.

NMBU skal vere i front når det gjeld læring gjennom heile livet. Ved universitetet sitt senter for etter- og vidareutdanning, blir det lagt til rette for læring og utvikling innanfor NMBU sine kjerneområde også etter avslutta studium. Det er ein auka etterspurnad frå næringslivet og potensial for vekst.

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Sektormål 4 Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem	Resultat		Mål	
	2017	2018	2018	2019
NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv				
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	301,76	297,79	320	320
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)	23,5 %	25,6% ⁶	25 %	28 %
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH) ⁷	17,2 %	18,1% ⁸	16 %	16 %
<i>Delen administrative årsverk</i>	<i>20 %</i>	<i>20,2 %</i>	<i>20 %</i>	<i>20 %</i>
<i>Brukarmedverknaden følgjer Statsbygg sin framdriftsplan</i>			<i>Kvalitativ parameter</i>	<i>Kvalitativ parameter</i>
<i>NMBU følgjer planane for overtaking og bruk av dei nye bygningane</i>			<i>Kvalitativ parameter</i>	<i>Kvalitativ parameter</i>

30

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 4:

8. NMBU er det leiande miljøuniversitetet i Noreg.
9. NMBU har integrasjon av fagmiljø og tekniske-administrative støttefunksjonar i ein felles effektiv organisasjon som gjev tilsette og studentar klar tilhøyrslø og stoltheit over det nye universitetet.
10. NMBU har gode fysiske fasilitetar og forskings- og studieinfrastruktur, og styrkjer HMS-innsatsen.
11. NMBU deltek i gjennomføringa av dei store byggjeprojekta, og har god leing av flytteprosessen.
11. NMBU deltek i gjennomføringa av dei store byggjeprojekta, og har god leing av flytteprosessen.

⁵ Per desember 2018

⁶ Mellombels tilsette fråtrekt stipendiatar, postdoktorar og II-stillingar

⁷ Per desember 2018

Rapportering og vurdering av resultatata på nasjonale styringsparameter

Studiepoeng per fagleg årsverk

Talet for studiepoeng per fagleg årsverk ligg stabilt, men resultatata ligg under snittet for universiteta. Samstundes – og følgeleg – indikerer dette at NMBU er eit universitet med høg undervisertetheit per student. Dette bør sjåast som en tilgang for institusjonen for å kunne utvikle undervisninga i tråd med dei resultatata frå utdanningsforskninga som seier at tett oppfølging og tilbakemelding har stor betydning for motivasjon og læring.

Kvinnedelen i fyrstestillingar aukar

NMBU er nøgd med å ha ei positiv utvikling dei siste åra når det gjeld delen kvinnelege professorar, men ligg framleis lågt samanlikna med dei andre universiteta. I 2018 har vi auka meir enn måltalet, og med dei grepa som blir sette inn, reknar vi med å nå vår eiga målsetting om 30 % kvinnedel innan utgangen av 2020. Det er utarbeidd ein eigen handlingsplan for likestillings- og mangfaldsarbeidet. Blant tiltaka har NMBU i 2018 identifisert kvinnelege førsteamanuensar som fagleg sett er i posisjon til å søkje opprykk til professor innan 2020, og vi er i gang med skreddarsydde tiltak for desse.

Parallelt med årsrapporten blir det lagt fram eigen årsrapport til universitetsstyret om likestilling, mangfald og inkludering.

Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar aukar svakt

Det har vore ein auke i delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar frå 17,2 % i 2017 til 18,1 % i 2018. Auken kan i nokon grad knyte seg til behov for ekstra undervisningsressursar (universitetslektorar) av di fleire av dei fast tilsette er engasjerte i arbeidet med Samlokaliseringsprosjektet og planleggingsarbeidet i samband med flytting av veterinærmiljøet til Ås. Dersom vi ser bort frå desse, har NMBU hatt ein svak nedgang i delen mellombels tilsette. NMBU er likevel ikkje nøgd med at talet mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar har auka og vil analysere nærare kva som kan forklare denne utviklinga og på den bakgrunnen utforme tiltak for å få ned midlertidigheita.

31

Rapportering og vurdering av verksemdsmåla og egne styringsparametrar

NMBU sine miljøprestasjonar i 2018

NMBU har forbetra miljøprestasjonane sine monaleg dei siste åra. Universitetet bruker fjernvarme og straum med opphavsgaranti. Det er utført energisparings- og resirkuleringstiltak i bygg, og NMBU har 16 el-bilar og 63 ladeplassar for el-bilar. Fokuset har vore på auka resirkulering, energireduksjon og tilrettelegging for sykling. Bysykelprosjektet «Bygdebike» er evaluert, og vi ha gått frå 50 til 100 sykklar. TF-bygningen vart rehabilitert og levert med solceller på taket, grønt tak, meir effektiv energistyring, massivtre i tak- og veggkonstruksjonar og sekslags glas som gjev bygningsmassen eit ennå betre nivå på energieffektivitet. Både TF-bygningen og Ur-aksen ned mot Veterinærbygget er levert med open handtering av overvatn. NMBU har oppnemnt eit nytt miljøråd som vil vere viktig i det vidare strategiske miljøarbeidet.

Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsystem



Eit staseleg TF-bygg etter restaurering. Foto: Kai Tilley

32

Effektivisering av organisasjonen, digitalisering

NMBU starta i 2018 opp eit nytt leiarutviklingsprogram for leiarar på fleire nivå, og desse vil halde fram utover i 2019.

Styringsparameteren «Delen administrative årsverk» har vore stabilt på rundt 20 % i fleire år. I same perioden har vi hatt auke i både studenttal og forskingsproduksjon, og auka kompleksitet i saksbehandling, spesielt knytt til det studieadministrative feltet. Dette er ein indikator på auka effektivitet i administrasjonen.

Det vart prioritert å utvikle verksemdsstyringa og dette blir gjort i samvirke med leiarutviklinga. Konkrete tiltak har vore gjennomføring av felles plankonferanse og felles budsjettkonferanse for leiarane ved NMBU under arbeidet med NMBU sin årsplan for 2019. Arbeidet held fram i 2019, i første omgang med å utvikle styringsdialogane.

Digitalisering står sentralt i arbeidet med effektivisering, og arbeidet med å utvikle ein digitaliseringsstrategi starta i 2018. Fleire av tiltaka som vart sette i verk, grip inn i kvarandre, og i sum utviklar NMBU arbeidsmetodikken sin og tek i bruk digitale løysingar. Som ei oppfølging av internrevisjonen si tilråding er ein tilpassa versjon av Difi sin prosjektvegvisar innført som metodikk for administrative utviklingsprosjekt. Prosjektmetodikken vil bli støtta av ein elektronisk prosjektportal. Han vil også bli tilpassa byggjeprojekt som blir gjennomførte i eigen regi.

Det andre området er arbeidet med leiingsinformasjonssystemet for informasjonssikring og personvern. Dette er eit arbeid som på ein heilt grunnleggjande måte systematiserer, gjev oversikt, avklarar ansvar og bygger gode forvaltnings- og leiingsprinsipp.

Det tredje området er IKT-prosjektet i samband med Samlokaliseringsprosjektet der fleire av prosjekta også har relevans for NMBU generelt. IKT-prosjektet fungerer som ein spydspiss for innføring av ny digital teknologi og kompetanse ved NMBU.

Det fjerde området er læringsstøttesystemet Canvas som vart innført i 2017, og der bruken auka i 2018 og nye verktøy er tekne i bruk. I sum utgjer desse fire områda eit stort potensial for eit kvalitetsløft i tenester, støtte til kjerneverksemda og forvaltning som er heilt avgjerande for effektivisering av NMBU.

Samtidig har NMBU utfordringar med å få full nytte av dei eksisterande administrative systema. Dette gjeld særleg løns- og personalfunksjonen i Unit4 Business World (UBW), tidlegare Agresso, som vart teken i bruk i 2018. NMBU har så langt ikkje fått teke i bruk alle dei forventede funksjonane eller nytta som var tiltenkt ved bruken av denne delen av UBW.

Konkrete effektiviserings- og digitaliseringsprosjekt:

- Utvalsmodulen i Public 360 er teken i bruk for universitetsstyret, fakultetsstyra, dei interne utvala og leiargruppene. I dette inngår også appen eMeetings som gjer utvalsdokumenta tilgjengelege på mobile plattformer.
- Mazemap, elektronisk kartløyning, er teken i bruk.
- Leiarinformasjonssystemet Innsikt er teke i bruk og vil venteleg føre til at ein bruker mindre tid til å finne fram informasjon og gje eit betre grunnlag for å fatte avgjerder.
- Nytt system for å melde HMS-avvik og for varsling av kritikkverdige forhold
- Ny brukarstøtteorganisering på IT.
- Det er lagt til rette for godkjenning og fangst av reisebilag på mobile plattformer for å gjere desse oppgåvene enklare å utføre.
- Det er starta opp eit arbeid for å systematisere mottaket av nye arbeidstakarar for å effektivisere prosessen og at nye arbeidstakarar får ei positiv oppleving av mottaket og raskare blitt sette inn i produktivt arbeid.

NMBU gjennomførte i desember 2016 eit pilotprosjekt med digital eksamen. I løpet av 2017 vart prosjektet monaleg utvida. I 2018 ligg talet på digitale eksamenar stabilt. Det er på noverande tidspunkt ikkje mogleg å utvide prosjektet sidan kapasiteten i lokalitetar og digital støtte under eksamensperioden, er sprengt. Arbeidet med innføring av digital eksamen må også sjåast i samanheng med ei ønskt endring i frå såkalla summativ «vurdering av læring» med bruk av avsluttande eksamen, til meir bruk av formativ, langsgåande «vurdering for læring» som mogleggjer hyppigare tilbakemeldingar til studentane og bruk av kvarandrevurdering (peer review). Ei slik endring vil vonleg redusere kapasitetsbehovet når det gjeld digital avsluttande eksamen, samtidig som ein må finne digitale løysingar som gjer ei slik formativ vurdering effektiv og god.

Det er ei målsetting å auke talet på digitale eksamenar ytterlegare, og det blir arbeid med å finne løysingar på dette.

I samarbeid med UH-sektoren og UNIT sitt digitaliseringsstyre vil NMBU utforske mogleghetene for utvikling og implementering av digitale verktøy for langsgåande vurdering og forbetra tilbakemelding til studentane for eit betre læringsutbyte. Det vil i 2019 bli utvikla pilotar for digitale tilnærmingar i undervisningssituasjonen.

Fysisk infrastruktur – Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

I 2018 vart det peika ut ei utviklingsretning både på kort, mellomlang og lang sikt gjennom Campusplanen. Det er starta opp prosjekt for å betre arealsituasjonen for Fakultet for Landskap og Samfunn og Fakultet for Biovitenskap. Oppgraderinga av TF-kvartalet vart ferdigstilt og bygningen teken i bruk igjen hausten 2018. Tilstandsgraden for bygningsmassen til NMBU er 1,6. NMBU har likevel eit stort vedlikehaldsetterslep.

NMBU har eit stabilt lågt sjukefråvær, og målet er å ha eit arbeidsnærvær på 97%. Sjukefråværet var i 2018 3,1% (2017: 3,2%). I einingar med høgt sjukefråvær er det gjort systematiske tiltak over fleire år. Tiltaka har ført til auka nærvær og auka opplevd trivsel.

34

Det vart rapportert tre personskadar som førte til fråvær frå arbeidet i 2018, og H-verdi er 1,08. Dette er den lågaste verdien sidan rapporteringa starta i 2014. I 2017–2018 har det vore ei prioritert oppgåve å få på plass eit meir brukarvenleg system for avviksmelding. Det nye systemet vart teke i bruk hausten 2018. Systemet har fungert godt sidan oppstartinga. Tiltak for å førebyggje alle former for trakassering vart vidareført i 2018 og vil halde fram i 2019. Det blir utarbeidd ein eigen årsrapport for HMS som blir lagd fram for universitetsstyret saman med årsrapporten.

Hesteklinikken ved Veterinærhøgskolen har vore ramma av salmonellautbrot som har fått store konsekvensar. Klinikken har vore stengt sidan juni 2018. Utbrotet der mange hestar vart smitta, har vore ei stor påkjenning for dei hesteeigarane som vart ramma, og er ei utfordring for omdømme vårt, sjølv om vi ikkje kan lastast for situasjonen som er oppstått. Arbeidet med å sanere klinikken for smitte krev store ressursar både økonomisk og i personell, samstundes som det blir krevjande å gjennomføre undervisninga utan å ha ein klinikk. Klinikken er avhengig av driftsinntekter for å dekkje utgifter, slik at bortfall av desse inntektene gjev eit monaleg tap.

Samlokaliseringsprosjektet og førebuing til ibruktaking og flytting

Aktiv deltaking i Samlokaliseringsprosjektet vart i all hovudsak avslutta i 2018, då bygget no er ferdig definert, medan Brukarutstysprosjektet vil ha høg grad av medverknad fram til sommaren 2019 då det attverande innkjøpet vil bli slutført. Dyktige medarbeidarar har via brukarmedverknadsprosessen sikra at prosjektet får rett kvalitet og ikkje forseinkar framdrifta som planlagt av Statsbygg.

Brukarutstysprosjektet er svært ressurskrevjande, særleg for Veterinærhøgskolen. Det blir arbeid vidare med kartlegging av framtidig driftsøkonomi i det nye Veterinærbygget, og med å utvikle driftsorganisasjonen for å førebu overtaking av bygget. IKT-prosjektet er godt i gang med planlegging

og innkjøp av system. Flyttelieferandør for sjølve flyttinga er kontrahert og planlegginga er i gang. Det går føre seg eit omfattande arbeide på avdelingane ved Veterinærhøgskolen for å rydde og organisere materiale for å sjå kva som skal flyttast, kondemnerast eller avhendast i samband med flyttinga.

IKT-prosjektet i Prosjekt Campus er oppretta for å vareta nødvendige investeringar med tilhøyrande planlegging, koordinering og innføring, og omfattar 19 IKT-delprosjekt. IKT-prosjektet er bindeledd mellom NMBU og Statsbygg i IKT-spørsmål, og koordinerer NMBU sin brukarmedverknad på IKT-området. Alle delprosjekta er primært sette i gang for å løyse IKT-behov utløyst av SLP-prosjektet, men fleire av prosjekta har òg relevans for NMBU generelt.

Måloppnåing for sektormål 4 i 2018

NMBU har i 2018 gjennom å vedta ny strategi, campusplan også fått på plass utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet og peika ut retning for den strategiske utviklinga. Dette er ein heilt grunnleggande føresetnad for den faglege utviklinga og verksemdsstyringa ved NMBU.

I løpet av 2018 vart alle dei øvste leiarstillingane bemanna, og det er sett i verk systematisk arbeid for å få leiarstrukturen og linene til å fungere optimalt. I 2018 er det prioritert leiarutvikling og verksemdsstyring som begge vil halde fram i 2019. I 2019 vil arbeidet med kulturutvikling kome i tillegg.

NMBU har fått på plass nye digitale løysingar på fleire område som bidreg til effektivisering. Men NMBU har utfordringar med å påvise vinstar gjennom effektiviseringstiltaka og å realisere desse. Gjennom innføring av prosjektmetodikk blir det lagt opp til at vinstrealisering skal bli ein gjennomgåande premiss gjennom alle utviklingsprosjekt. NMBU har klart å innføre nye administrative løysingar og implementere nye administrative ordningar, også ordningar som er pålagde utanfrå, utan totalt sett å auke den administrative bemanninga.

NMBU er nøgd med at ein har klart å følgje opp Samlokaliseringsprosjektet og Brukarutstyringsprosjektet slik Statsbygg føreset. Veterinærhøgskolen har lagt ned eit stort arbeide.

Etter målretta innsats over fleire år ser ein no vekst i delen kvinnelege professorar.

Gjennom godt samarbeid med internrevisjonen og deira innspel, kan vi slå fast at NMBU som organisasjon over tid har utvikla seg på fleire område.

Kunnskapsdepartementet si ordning med midlar til oppgradering og modernisering av bygg er ei ordning NMBU er godt nøgd med. NMBU nådde ein viktig milestolpe då Fløy I/TF-kvartalet vart ferdigstilt og teken i bruk i 2018. Bygget har ein viktig funksjon for studentar og tilsette.

NMBU har utfordringar i å dra nytte av dei administrative datasystema og å få desse til å bli tenelege verktøy for leing og medarbeidarar. Utfordringa er identifisert, og det vil bli sett i verk tiltak i 2019.

NMBU ser fram til å få ein digitaliseringsstrategi på plass i 2019.

Alt i alt er NMBU godt nøgd med måloppnåinga for dette sektormålet og verksemdsmåla i 2018.

Anna rapportering:

Status for oppfølging av utviklingsavtalen

2019 er første året NMBU har utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Avtalen har tre utviklingsmål med tilhørende måleparametrar. Utviklingsavtalen ligg tett opp til NMBU sin strategi 2019–23. NMBU er i godt gjenge med førebuingane til å gjennomføre avtalen, har sett opp dei aktuelle prosjekta og har prioritert ressursar.

Resultat og måloppnåing for midlar til oppgradering av bygg ved sjølvforvaltande institusjonar

Arbeidet med å rehabilitere Fløy I/TF-kvartalet vart ferdigstilt og bygningen teken i bruk i august 2018. Målsetnaden med rehabiliteringa var å auke tilstandsgraden på bygning og infrastruktur. Vi ville også lage fleksible lokale for gjere presset på areala noko mindre og kvaliteten på omgjevnadene og innemiljøet betre.

Det er etablert ca. 123 arbeidsplassar for tilsette og stipendiatar. Det er ikkje etablert fleire kontor, men alle kontora er mindre. Dette har medført at det også er blitt fleire store og fleksible rom i bygget.

Ved påbygg av kantine og endra bruk av areal er det etablert 150 nye arbeidsplassar/læreplassar for studentar i form av leseplassar, grupperom og sosiale soner. Kantina er utvida med ca. 200 kvm. Planløysingane er opne, og det er enkelt å endre bruk av areala. Tilstandsgraden er betra på alle fagområde.

Ramma var sett til 100 mill. kroner, og av dette er eit tilskot frå KD på 35 mill. kroner. Miljøambisjonane som vart lagde til grunn for rehabiliteringa, auka undervegs i prosjektet, og NMBU la inn ca. 35 mill. kroner ekstra i ramma.

Resultat og måloppnåing for midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing

NMBU har ikkje fått midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar i 2018.

Resultat og måloppnåing for midlar til verdsleiande fagmiljø (UiO, UiB, UiT, NTNU, NMBU)

NMBU fekk i 2015 løyvd 3,5 mill. kroner til verdsleiande fagmiljø. Midlane inngår i NMBU si satsing på «Framifrå forskning og utdanning», som er ei treårig satsing frå 2015 til 2018. I tillegg til løyvinga frå KD, har NMBU investert ca. 50 mill. kroner av eigne midlar. Satsinga består av tre område: (1) Satsing på talent, (2) Prestisjeprosjekt og (3) Kvalitet i alle ledd.

NMBU har også nytta tildelinga frå KD til toppforskarrekruttering. Målet har vore å rekruttere yngre forskarar med stort potensial til NMBU. Gjennom ei slik rekruttering er det eit mål å heve kvaliteten i fagmiljøet og å utvikle fleire verdsleiande forskingsmiljø. NMBU har i løpet av dei siste to åra tilsett fire unge, framifrå forskarar innan tema «Infection Biology» (2), «Big Data» og «Urban Planning». Rekrutteringa har skjedd gjennom open internasjonal utlysing.

Resultat og måloppnåing for midlar tildelte over kap. 281 post 01 og post 45

NMBU har ikkje fått midlar over kap. 281 i 2018.

Resultat og måloppnåing for andre midlar tildelte i supplerande tildelingsbrev i 2018

Nasjonalt senter for vanninfrastruktur (nytt namn frå november 2018)

NMBU vart i revidert nasjonalbudsjett 2017 tildelt 2,5 mill. til å starte opp etablering av eit nasjonalt kompetansesenter for vass- og avløpsinfrastruktur, saman med norsk vassbransje. Det er eit samarbeidsprosjekt med heile «verdikjeda» i vassbransjen: forskings- og undervisningsmiljø, kommunar, teknologileverandørar, entreprenørar og rådgjevarar. Det skal etablerast eit anlegg for demonstrasjon, testing, forskning og undervisning for leiingsteknologi. NMBU vart tildelt 17,5 mill. i 2018, til saman 20 mill., som vil bli nytta til Nasjonalt senter for vassinfrastruktur. Så langt er det utarbeidd eit grunnlagsdokument for å stø opp om avgjerdsprosessar hos eigarar og finansielle støttespelarar, og det blir no arbeidd med å avklare eigarskapsmodell for senteret. Statleg og kommunal finansiering er no på plass, og det blir arbeidd med toppfinansiering frå vassbransjen.

Arbeidet med å regulere om området der senteret er tenkt etablert, er sett i gang, med mål om opning av senteret våren 2021. Det vart løyvt ei ph.d.-stilling innanfor vassforskning i 2018, og det er ein målsetnad å auke talet på ph.d.-kandidatar som skal arbeide inn mot senteret.

Inkluderingsdugnaden

NMBU har informert internt i verksemda om inkluderingsdugnaden og målsetnaden med arbeidet. I utlysningstekstane blir no søkjarar med hol i CV-en inviterte til å søkje på lik linje med søkjarar med nedsett funksjonsevne.

NMBU har bede leverandør av rekrutteringssystemet å leggje til rette for at søkjarar kan registrere dette direkte i søknaden, men funksjonen er ikkje på plass ennå.

Førebels kan ikkje NMBU vise til tilsetjingar av personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en i full stilling i perioden sidan dugnaden starta 1.7.18, men inkluderingsarbeidet vil halde fram i 2019.

Oppfølging av delegasjonsbesøk til Kina

NMBU var med i delegasjonen til Kina i april 2018. Delegasjonen var leidd av Forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø. Både før og etter delegasjonsbesøket har NMBU hatt fleire besøk av eller til kinesiske universitet: CEAIE-delegasjonen, Beijing Union University, Jiangsu University, Northwest A&F University, Huzhou University.

Det er inngått «Memorandum of understanding» (MoU) med Beijing Forestry University, Harbin Institute of Technology og Jiangsu University. MoU-ane vart inngått mot slutten av 2018. NMBU har ei rekkje samarbeidsprosjekt også med andre kinesiske forskingsmiljø og universitet som er vidareførte i 2018. Det vart i 2018 løyvd midlar til eit nytt 3-årig samarbeidsprosjekt som startar opp i 2019, finansiert av Forskningsrådet og kinesiske styresmakter, saman med China Agricultural University.

Panoramastrategien

I tillegg til oppfølging av delegasjonsbesøket i Kina, har NMBU også i 2018 hatt fleire aktivitetar retta mot dei andre Panorama-landa (Brasil, India, Japan, Russland og Sør-Afrika). NMBU var med i delegasjonen til Sør Afrika i oktober–november 2018. Også denne var leidd av Forskings- og høgare utdanningsminister Iselin Nybø.

NMBU ved Fakultet for landskap og samfunn, bidrog saman med NIBIO og partnerar i Sør Afrika (PLAAS/University of Western Cape og International Water Management Institute/IWMI på eit seminar med foredrag om «Governance of natural resources – land, water and human development». NMBU har vidareført samarbeidet med institusjonar i Brasil om utvikling av robotteknologi for landbruket, har sommarkurs i jordforvaltning i Kina og har, som nemnt over, inngått institusjonssamarbeid med fleire kinesiske universitet. Det er gjeve støtte til eit EU-prosjekt om byjordbruk i Kina, studentgrupper har vore på studieturar til Kina, kurs er haldne på NMBU i landsbygduitvikling i India, og doktorgradar er gjennomførde med tema frå Russland.

NMBU har tre forskingssamarbeidsavtalar med Russland: Tambov State University, Perm State University og Russian Academy of Science, saman med fleire partnerar i prosjekt støtta av Nordic Centre of Excellence in Arctic Research.

Samforfattarskap mellom forskarar ved NMBU og institusjonar i Panoramalanda har vore stabilt og på same nivå som tidlegare.

Måloppnåing for byggjeprojekt med samfunns- og effektmål

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande samfunns- og effektmål for Samlokaliseringsprosjektet (SLP):

Samfunns mål

Samfunnsmåla skildrar kva slags samfunnsutvikling prosjektet skal byggje opp under, og er derfor knytte til verknaden prosjektet har på samfunnet. Samfunns mål skal vere skildra av brukar/oppdragsgjevar.

- Noreg er eit føregangslend innanfor biotryggleik og innanfor smitteberedskap for fisk og dyr gjennom utvikling av det nye universitetet og Veterinærinstituttet.
- Det nye universitetet på Ås er blant dei leiande europeiske forskings- og undervisningsinstitusjonane innanfor miljø-, biovitenskap og veterinærmedisin.

Effektmål

Effektmåla er knytte til verknader prosjektet har for brukarane. Effektmåla skal vere skildra av oppdragsgjevar.

Effektmål 1 – utdanning

- Sikre internasjonal akkreditering av veterinær- og dyrepleiestudia.
- Gjere det mogleg å auke veterinærstudiet frå 70 til 90 studentar per år og utvide dyrepleiarstudiet til eit bachelorstudium.
- Talet på uteksaminerte ph.d.-kandidatar frå tverrfaglege miljø innanfor Fakultet for bioproduksjon og veterinærmedisin⁹ skal aukast med minst 5 kandidatar per år innan 2025.

⁹ Dette er i dag Fakultet for veterinærmedisin, Fakultet for biovitenskap og Fakultet for kjemi-, bioteknologi og miljøvitenskap

Effektmål 2 – forskning

- Auke konkurransekrafta innanfor bioproduksjon og veterinærmedisin og gje 20 % auke i tildeling av nasjonale og internasjonale forskingsmidlar innan 5 år etter at nye bygningar er tekne i bruk.
- Forskingsomfanget innanfor akvakultur og akvamedisin skal aukast med 20 % innan 5 år etter at nye bygningar er tekne i bruk.
- Gje Veterinærinstituttet høve til å vareta aukande krav til sjukdomsberedskap, helse og velferd hos fisk og dyr og sikre fôr- og mattryggleik både på kort og lang sikt.
- 10 % auke i nasjonale og internasjonale forskningssamarbeidsprosjekt med andre forskingsinstitusjonar, industri og næring innan 5 år etter ferdigstilling.

Effektmål 3 – innovasjon

- Innovasjon og næringsutvikling på områda bioproduksjon og veterinærmedisin skal aukast med 20 % innan 10 år etter at nye bygningar er tekne i bruk.

Effektmål 4 – administrasjon

- Effektiviseringsvinst på 20 % på administrative oppgåver, og denne innsparinga skal vere overført til fagleg verksemd og strategiske satsingar innan 5 år etter at bygningen er teken i bruk.
- Felles utnytting og investering i forskingsinfrastruktur mellom Det nye universitetet, Veterinærinstituttet og instituttsektoren elles på Campus Ås gjev 10 % effektiviseringsvinst.

Den nye infrastrukturen vil i større grad leggje til rette for at universitetet oppnår å styrkje den miljø- og biovitenskaplege forskinga. Vi kan alt no konstatere at NMBU er godt i gang med å nå nokre av måla. Døme er dyrepleiarstudiet som alt er utvida til eit bachelorstudium frå 2016. Det er etablert forskningssamarbeid på mange område, og fleire nye tverrfaglege ph.d-kandidatar er alt i gang med studia sine. Effektmåla ligg som premiss for arbeidet med NMBU sin strategi for 2019–23, og er inkludert i utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.



TEDx

SÖDERBYGÅRDEN

IV

Styring og kontroll

Risikovurderingar

Risikovurdering er integrert i mål- og resultatstyring ved NMBU. I årsplanen gjer styret overordna risikovurderingar. Alle einingar ved NMBU gjer tilsvarande risikovurderingar som grunnlag for sine årsplanar. Risikoane vert følgde opp i dei årlege styringsdialogane mellom fakulteta og universitetsleiinga. Risikovurderingar er elles integrerte i metodikken for utvikling av nye system og prosedyrar ved NMBU. Døme på dette er ROS-analysar som blir gjennomførde ved innføring av nye IT-system (styringssystemet for informasjonssikring) og ved gjennomgang av IT-system.

Overordna vurdering av tilstanden for styring og kontroll i institusjonen

Tilstanden for styring og kontroll blir vurdert som god. Det er god økonomikontroll internt, det er utarbeidd reglement for økonomistyring og gjennomgåande rutinar. Internrevisjonen har gjeve verdfulle råd som har vorte implementerte. Det blir arbeidd kontinuerleg for å sikre kompetanse i alle ledd. Gjennom dei utviklingsprosessane som er gjennomførde i 2018, har internkontrollsystemet spesielt på områda informasjonssikring og personvern-GDPR, vorte betra. Metodikken og tenkinga frå desse gjennomgangane vil ha overføringsverdi også på andre forvaltingsområde ved NMBU.

NMBU kan bli betre på å identifisere og hente ut vinstar. Etter råd frå internrevisjonen har NMBU utvikla og definert sin metodikk for å styre administrative prosjekt og etablere god vinst-/nytterealisering. Metodikken vil òg bli tilpassa og teken i bruk i byggjeprojekt.

Som eit ledd i arbeidet med å implementere den nye strategien har NMBU sett i gang fleire tiltak for å samordne planlegging opp mot måla i strategien. I juni heldt vi ein plankonferanse og ein budsjettkonferanse i slutten av september. Målet for desse konferansane var å sikre same forståing av kva mål og tiltak som NMBU skal arbeide for i 2019. Desse konferansane vil bli vidareutvikla i 2019. Universitetsstyret møter leiarane i fakultetsstyrane i eit årleg styringsseminar. Dette er viktig for samhandlinga mellom dei ulike strategiske styringsnivåa.

NMBU sitt rapporteringssystem er basert på avviksrapportering, og omfattar alle nivå i organisasjonen. Tertialrapporten dekkjer oppfølginga og handteringa av avvika på styringsparametrane, tildelingsbrevet og økonomi. Universitetsstyret får òg årlege rapportar om stoda på ulike område som studiekvalitet, forskarutdanning, HMS mv. I desse rapportane blir det gjort greie for stoda, utfordringar og tiltak som ein vil leggje vekt på i det vidare arbeidet.

Internrevisjonen møter styret to gonger årleg, og styret vedtek kvart år ein plan for internrevisjonsverksemda. NMBU lyste i 2018 ut internrevisjonsoppdraget. PriceWaterhouseCoopers fekk fornya sitt mandat som internrevisor for NMBU i 2 år. Internrevisjonen har revidert følgjande område i 2018: Styringsregimet for eigedomsprosjekt som blir gjennomført i eigen regi, NMBU si varslingsordning, styringsregimet for studiekvalitet, og ein kontrollrevisjon på oppfølginga av tidlegare gjennomførte revisjonar i tida 2016 og 2017.

Kvalitetssikring utdanning

Det blir vurdert at implementeringa av kvalitetssikringssystemet for utdanning som vart innført i 2015 og dei rutinane som høyrer til der, har fungert tilfredsstillande. Det blir heile tida arbeidd med å forbetre presentasjonen av systemet og skildringa av rutinane for å auke forståing og tilgjenge. Det er også eit vedvarande arbeid å gjere tilsette kjent med rutinane.

NOKUT si nye forskrift om tilsyn med utdanningskvalitet i høgare utdanning (studietilsynsforskrifta) vart sett i kraft 7. februar 2017. NMBU er på god veg når det gjeld dei auka krava til studietilboda. Det vart som ei oppfølging av innføring av ny tilsynsforskrift i 2018, innført ein rutine for årleg kontroll opp mot tilsynsforskrifta, og den første runden med kontroll vart gjennomført på våren. Til grunn for kontrollen ligg dokumentet Veileder for krav til studieprogrammer ved NMBU.

NMBU fekk ein ny rutine for emneevaluering i 2015. Hausten 2018 vart det gjennomført ei evaluering av rutinane for emneevalueringa. Resultata vil bli følgde opp i 2019, og rutinen vil bli justert.

Det vart gjennomført ein internrevisjon av kvalitetssikringssystemet i november/desember 2018. Revisjonen viste til eit godt strukturert og føremålstenleg system med forankring i lov og forskrifter. Dei peika samtidig blant anna på behov for revidering av emneevalueringa og auka innsats for auka kjennskap til system og rutinar ved fakulteta. Funna vil bli følgde opp.

NMBU har fått varsel frå NOKUT om periodisk tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet. Tilsynet vil skje hausten 2019.

Nærare omtale av vesentlege forhold ved styring og kontroll

NMBU har ingen revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen.

Forskingsetisk utval

I forkingsetisk utval har to saker vore særskilt omfattande, og desse er behandla ferdig i 2018.

Forskingsetisk utval har gjeve innspel til høyringssaker om «Etiske retningslinjer for forsøk med dyr», «Etiske retningslinjer for forskning med kunstig intelligens». Rektor har fastsett revidert mandat for «Utval for etisk vurdering av studier med dyrepasienter», eit utval som er oppretta for intern etisk godkjenning av forsøk. Utvalet er no organisatorisk lagt inn under Forskingsetisk utval.

Arbeidslivskriminalitet

I samband med NMBU sitt arbeid for å motverke arbeidslivskriminalitet, vedtok universitetsstyret 1.2.2018 ein strategi for innkjøp. Innkjøpsreglement vart samstundes oppdatert i samsvar med strategien.

Strategien har eit eige satsingsområde som inneber blant anna at miljø-, etikk- og samfunnsansvar skal vektleggjast i endå større grad enn tidlegare. Strategien omfattar følgjande punkt knytte til arbeidslivskriminalitet:

- Følgje opp interne retningslinjer for habilitet og etisk åtferd
- Vidareføre arbeid med kompetanseutvikling og -nettverk på innkjøpsområdet
- Etablere ei oversikt over ikkje-seriøse eller falske leverandørar
- Førebyggje og redusere korrupsjonsrisiko både ved bevisstgjerjing av NMBU sine tilsette og ved aktiv undersøking og dokumentasjon av habilitet gjennom dei ulike fasane av innkjøpsprosessane.
- Avgrense talet på underleverandørar til berre eitt ledd.
- Utføre melde og umelde kontrollar av leverandørane for blant anna å kontrollere løns- og arbeidsvilkår
- Halde fram med å styrkje samarbeidet med anna offentlege innkjøpsmiljø for å førebyggje og avdekkje arbeidslivskriminalitet
- Følgje opp risiko- og sårbaranalysar med relevante tiltak
- Oppdatere rettleiingar, malar, kontraktar, sjekklister og indikatorar

43

NMBU sine malar for innkjøp har klare avtalepunkt rundt arbeidslivskriminalitet, for å unngå at innkjøpa våre bidreg til arbeidslivskriminalitet. Ein av dei sentrale innkjøparane har eit spesielt ansvar knytt til etisk handel og samfunnsansvar.

Det er inngått avtale med eit eksternt konsultentselskap om gjennomføring av jamlege stikkprøvar og rapportar for oppfølging av bygg- og anleggskontraktar. I løpet av 2018 har NMBU hatt eit større byggjeprojekt, og det er gjennomført kontroll ut i frå det gjeldande regelverket. Det vart avdekt avvik, og dette vart følgt opp vidare med leverandøren i ettertid.

Trygging og beredskap

NMBU har lagt Kunnskapsdepartementet sitt styringsdokument til grunn for arbeidet med trygging og beredskap. Planar og tiltak som legg til rette for at universitetet har eit godt grunnlag for å handtere kritiske situasjonar der menneske, dyr, miljø og materiell er i fare, er vidareutvikla.

Det er gjennomført fleire risiko- og sårbarheitsanalysar i 2018.

NMBU sitt rektorat, administrasjonsdirektøren og alle dekanane har gjennomført ein dag med teoretisk og praktisk kurs i kriseleiing. I tillegg vart det gjennomført ei beredskapsøving i februar og to øvingar i desember 2018. Tema for øvingane har vore: Eksamensjuks, trafikkulykke og truslar mot tilsette. Øvinga i desember starta med eitt scenario ved eitt av fakulteta, øvinga eskalerte over fleire dagar og kompleksiteten som oppstod i spelet, førte til at NMBU si beredskapsleiing måtte inn i spelet. Øvinga vart avslutta nesten ei veke etter «spelestart». Dette var planlagt frå spelestaben si side, føremålet var

å få øvd alle beredskapsledda og over fleire dagar. NMBU er godt nøgde med øvingane i 2018. Det er også gjennomført full revisjon av NMBU sine beredskapsplanar. NMBU arbeider no med å lære av dei erfaringane vi har fått gjennom øvingane, slik at ein skal bli betre til å takle kriser som måtte kome i framtida.

Leiingssystem for informasjonssikring

NMBU sitt leiingssystem for informasjonstryggleik er basert på standarden ISO/IEC 27001/02:2013. Systemet består av tre delar. Del 1 er Styrande del, policy (retningslinjer) for informasjonstryggleik, som i hovudsak rettar seg mot leiinga, under dette kva for avgjerder og føringar som blir lagde for internkontrollen. Del 2 er Gjennomførande del, som i hovudsak rettar seg mot tilsette og studentar, med rutinar tilpassa den enkelte sin arbeidssituasjon. Del 3 er Kontrollerande del, som bidreg til handtering av avvik og periodiske gjennomgangar. Den styrande delen vart vedteken i 2017.

NMBU erkjente i 2018 at det var naudsynt å reorganisere arbeidet med informasjonssikring og personvern/GDPR, og i realiteten starte opp arbeidet på nytt. Det er no etablert eigen prosjektorganisasjon med forankring i leiinga. Leiingssystemet for informasjonssikring er per i dag ikkje tilfredsstillande. NMBU byrja i andre halvdel av 2018 å jobbe med revidering og forbetring. Eit første revidert utkast er planlagt sendt ut på høyring til dei relevante einingane i mai 2019. Leiarsystemet er venta endeleg vedteke medio september 2019. Arbeidet blir gjort av ei prosjektgruppe som vart etablert våren 2018. Prosjektgruppa skal også sørge for tilstrekkelege system og rutinar slik at NMBU blir i stand til å etterleve de nye personvernreglane. Prosjektorganisasjonen jobbar etter vedteken prosjektmetodikk, og leverer etter prosjektplanen.

44

Leiinga har gjennomført og dokumentert systema og rutinane. Det er nødvendig med til dels omfattande forbetringar og utvikling, og leiinga er legg til grunn at arbeidet som no blir gjennomført, vil gje eit tilfredsstillande resultat. Revisjon av leiingssystemet blir gjennomført i tett samarbeid med NMBU sitt personvernombod. Når rapport frå Units besøk ligg føre, vil universitetsstyret vurdere om internrevisjonen skal gje ei vurdering og kome med råd til arbeidet vidare. Styret har merka seg brev frå statsråden 7. januar 2019 om Kunnskapsdepartementet sin styringsmodell for informasjonstryggleik i høgare utdanning og vil ta ansvaret slik departementet føreset.

Lærlingar

NMBU hadde pr. desember 2018 12 lærlingar. Lærlingane er fordelte på faga: røyrleggjar (1), elektrikar (1), kontor- og administrasjonsfaget (3), industrimekanikar (2), produksjonsteknikar (1), IKT-service (2), laboratoriefaget (1) og bedrift og landbruk (1). Noko av årsaka til at vi ikkje har fått fylt opp plassane vi har innan kontor og administrasjon, er ein generell nedgang i søknader til fagbrevutdanning innanfor dette fagområdet.

NMBU har valt å opne fire «prosjekt til fordjuping»-plassar for vidaregåande 2 elevar, for på denne måten å bli meir kjent med elevane som seinare søker lærlingplass. Vi har som ambisjon å få fleire lærlingplassar innanfor laboratoriefaget på sikt.

Ein lærlingkoordinator ved NMBU følgjer opp lærlingane med fellessamlingar og personlege samtalar.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

NMBU skal ha eit inkluderande og mangfaldig arbeidsliv og studentmiljø der alle skal verdsetjast og ha like sjansar. Kulturen vår skal vere prega av openheit, fellesskap, likestilling og mangfald.

NMBU har ein handlingsplan for 2018–2021 for å auke kvinnedelen i faste vitskapelege stillingar og å bevisstgjere leiarar, utval og komitear. Målet om at delen kvinnelege professorar skal vere høgare enn 30 %, og at delen kvinnelege professor-II, førsteamanuensar og forskarar skal vere høgare enn 40 % innan utgangen av 2020, blir halde ved lag.

Det var i 2018 sett av 1,4 mill. kroner til å arbeide med likestilling og mangfald. NMBU har identifisert kvinnelege førsteamanuensar som fagleg sett kan vere i posisjon til å søkje opprykk til professor innan utgangen av 2020. Desse har fått tilbod om pre-evaluering av sin vitskapelege CV oppimot krava for opprykk til professor. Pre-evalueringa vil danne grunnlag for ein individuell handlingsplan og tildeling av midlar til skreddarsydde tiltak for den enkelte.

Det er òg gjeve midlar til ein pilot der ein med hjelp av ein ekstern leverandør skal identifisere kvalifiserte kvinnelege søkjarar til ei fast vitskapeleg stilling innan bygg og arkitektur.

For å styrkje arbeidet med å inkludere utanlandske studentar og tilsette arrangerte NMBU i 2018 fleire norskkurs og dekte dessutan utgifter til dei som ville ta Norskprøven. I tillegg vart det halde engelskkurs for tilsette som føreles i engelsk, og kurs i interkulturell kompetanse. NMBU vil vurdere å tilby slike kurs også i 2019.

Det blir utarbeidd ein eigen årsrapport for likestilling, mangfald og inkludering, og denne blir lagt fram for universitetsstyret saman med årsrapporten.

NMBU har hatt ein handlingsplan (for perioden 2010–2018) for universell utforming og tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne. Handlingsplanen har vorte følgt opp av toårige tiltaksplanar, og planen har hatt fire fokusområde: bygningar og uteareal, studium og undervisning, IKT og studentvelferd. Utviklinga har vore positiv med tanke på tal kvadratmeter på campus Ås som no er universelt utforma. Det er framleis utfordringar med tilgjenge i ein del av bygningane, særleg i Tunbygningane, Husdyrfag og Meieribygningen. På grunn av verneomsyn vil fleire av desse aldri bli fullt ut universelt utforma.

I neste periode vil oppfølging av studentane si psykiske helse få større fokus (oppfølging av SHoT-resultata) i handlingsplanen for universell utforming.



Foto: Håkon Sparre

V

Vurdering av framtidsutsikter

NMBU har gode føresetnader

NMBU vedtok ein ny strategi 2019–23 under visjonen «Kunnskap for livet». Tverrfagleg satsing, tett integrering mellom forskning, utdanning og innovasjon og merksemd på læring for framtida vil vere nødvendig for å handtere dei komplekse utfordringane vi står overfor. NMBU har gjennom sin faglege og internasjonale profil eit særleg samfunnsansvar for å bidra til å finne løysingar på dei globale utfordringane. Løysingane vil i stor grad finnast innanfor, og ikkje minst i skjeringsflatene mellom fagområda. Med ein unik syntese av miljø, biovitskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi, har NMBU sær gode føresetnader for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar.

NMBU si satsing på framifrå forskning og utdanning legg grunnlaget for forskings- og utdanningsmiljø i internasjonal toppklasse. NMBU skal kjenneteiknast med høg studiekvalitet, store ambisjonar for forskingsformidling og sterke bidrag til innovasjon og verdiskaping. NMBU si satsing på framifrå utdanning og forskning er integrert i strategien. Målet er fleire prestisjeprosjekt og verdslaiende miljø. Det er ein grunnleggjande føresetnad for heile satsinga at ho skal omfatte både utdanning og forskning.

Universitetsstyret har i 2018 vedteke campusplanen, ein plan for framtidig campusutvikling. Å realisere planen og kunne tilby meir tenlege lokale for tilsette og studentar vil krevje store investeringar i bygningar.

Gjennom strategien, utviklingsavtalen som gjeld frå 2019 og campusplanen har no NMBU staka ut kursen for ei offensiv framtidig utvikling.

I 2020 flytter Veterinærhøgskulen frå Adamstua og den nye Veterinærbygningen blir teken i bruk. Det er ein viktig milestolpe for NMBU. NMBU legg ned store ressursar i førebuinga til flyttinga og ibruktaking og har store forventningar til den faglege og sosiale utviklinga frå 2020. Framfor alt skal veterinærmiljøa få utmerkte tilhøve. Men samstundes forventar vi spanande integrasjonseffektar knytte både til studentmiljø og fagleg samarbeid med noverande campus Ås.

Økonomiske perspektiv

Frå 2020 og nokre år frametter ventar NMBU avgrensa vekst i dei økonomiske rammene. Hovudårsaka til dette er at tildelinga frå Kunnskapsdepartementet blir liggjande nærast flatt. Auka gjennomstrøyming av studentar og auka forskingsproduksjon vil resultere i auka utteljing på Kunnskapsdepartementet sine budsjettindikatorar. Men ABE-kuttet vil venteleg ete opp denne veksten. NMBU har framleis ei god utteljing på midlar frå Forskingsrådet, og ein ventar å auke ytterlegare dei komande åra. NMBU har òg ambisjonar om å auke inntektene frå EU. Frå 2024–25 vil resultateffekten av nye studieplassar på veterinærmedisin slå til, og NMBU kan rekne med vekst i rammene.

I 2018 har NMBU auka svakt omsetninga i oppdragsverksemda med 2,0 % frå 2017. Resultatgraden er derimot redusert til -1,2 % og ligg langt under det fastsette målet. NMBU vil nytte potensialet i oppdragsforskninga og auke resultatgraden. Resultatgraden har fokus i dialogen med dei aktuelle fakulteta.

Universitetsstyret har i 2019 lagt vekt på å frigjere midlar til strategiske satsingar, omstilling og å sikre midlar til å finansiere kostnadene NMBU har i samband med byggeprosjekta. Universitetsstyret har sett av 32 mill. kroner i budsjettet for 2019. I langtidsprognosen er det innarbeidd 44 og 38 mill. kroner i åra 2020 og 2021. Styret har òg innarbeidd ein avsetnad for ukjende kostnader med 15 mill. kroner. Styret har teke desse store meirkostnadene, og konsekvensane dette kan ha for universitetet si faglege verksemd, opp med departementet. Dette går inn i grunnlaget for risikovurderingane styret har gjort.


Til gjennomføring av Campusplanen har styret vedteke å overdisponere budsjettet med inntil 50 mill. kroner for å finansiere prosjekta. Vidare har styret i 2018 vedteke å bygge nytt senter for Fjørreforskning og utdanning innanfor ei ramme på 35 mill. kroner. NMBU forskotterer utbyggingskostnadane gjennom ubrukte middel, og som over ein periode på 6 år blir refunderte av næringsaktørane. Gjennom desse tiltaka vil NMBU oppnå ein reduksjon i ubrukte midlar gjennom 2019 og 2020.

48

Overordna risikovurderingar

Universitetsstyret har peika på fire overordna risikoområde:

1: Økonomi, 2: Organisasjon og leiing, 3: Fokus på kjerneverksemda, 4: Gjennomføringsevne Campusplanen



1. Økonomiske rammer og fridomsgradar

I risikovurderinga for 2018 vart det peika på at NMBU stod overfor stor uvisse knytt til økonomisk behov ved byggjeprojekta, forventna pukkelkostnader og flytteprosjektet. I budsjettet for 2019 er det sett av 32,2 mill. kroner til oppfølging av byggjeprojekta. Med bakgrunn i den uvisse som trass alt finst i tilknytning til byggjeprojekta, blir risikoen framleis vurdert som høg i 2019. I budsjettet for 2019 er risikovurderinga følgt opp gjennom å halde ved lag avsetninga styret si avsetning til utføresette kostnader på 15 mill. kroner.

Samstundes sit budsjetteiningane, spesielt fakulteta, på store ubrukte midlar ved inngangen til 2019. Ubrukte midlar er redusert frå 161 mill. kroner i 2017 til 145 mill. kroner i 2018.

2. Organisasjon og leiing

NMBU har tidlegare rekna organisasjon og leiing som en mogleg risiko. Etter at den nye organisasjonsmodellen for NMBU vart sett i kraft frå 2017 blir denne risikoen vurdert som lågare. I det kontinuerlege arbeidet med å implementer strukturen legg ein vekt på å utvikle god samhandling, organisasjonsforståing og prosedyreutvikling. Frå 2019 vil ein legge spesiell vekt på kulturarbeidet og fortsette det målretta arbeidet med leiarutvikling på fleire nivå i organisasjonen. Den nye modellen er føresett å skulle gje eit styrkt fagleg og strategisk utgangpunkt og eit betre styrings- og leiargrunnlag. .

3. Fokus på kjerneverksemda

